



Nissedal kommune



Rapportering pr. 2. tertial - 2025

Innhold

| | |
|--|----|
| 1 Innleiing | 3 |
| 2 Økonomi | 4 |
| 2.1 Bevilgningsoversikt drift | 4 |
| 2.2 Bevilgningsoversikt, netto ramme pr. rammeområde | 7 |
| 2.3 Prosjektramme – bevilgningsoversikt (investeringsprosjekt) | 10 |
| 2.4 Rapport - Finansforvaltning | 17 |
| 3 – Handlingsdelen | 18 |
| 3.1 Sentral leiing | 18 |
| 3.2 Fellestenesta | 20 |
| 3.3 Andre interkommunale samarbeid | 21 |
| 3.4 Eining for oppvekst og kultur | 24 |
| 3.4.1 Heile eininga | 24 |
| 3.4.2 Grunnskule og SFO | 26 |
| 3.4.3 Barnehage | 30 |
| 3.4.4 Kultur | 32 |
| 3.4.5 Integreringstenesta | 35 |
| 3.5 Eining for velferd | 38 |
| 3.5.1 Heile eininga | 38 |
| 3.5.2 Institusjonsbaserte omsorgstenester | 41 |
| 3.5.3 Heimebaserte omsorgstenester | 42 |
| 3.5.4 Helsetenester: | 44 |
| 3.5.5 Habilitering og aktivisering | 46 |
| 3.6 Eining for plan og teknikk | 49 |
| 3.6.1 Avdeling for bygg, eigedom og veg | 49 |
| 3.6.2 Plankontor | 53 |
| 3.6.3 Vatn og avløp | 56 |
| 3.7 Næringsutvikling | 62 |
| 3.7.1 Næringsbaserte kulturaktivitetar | 64 |

1 Innleiing

Tertialrapport er både ei tilbakemelding på mål/tiltak som er sett opp i vedteke handlingsprogram og ein gjennomgang av økonomisk status pr. utgangen av april/byrjinga av mai. I høve til økonomigjennomgangen er det vektlagt å sjå om dei føresetnadene ein la til grunn i desember då budsjettet blei vedteke saman med dei endringane som blei vedteke i 1. tertial er rette og gjere prognoser for framskriving av inntekter/utgifter ut året. All rapportering på dagleg drift og enkelttiltak i høve til gjeldande handlingsprogram, er skriven med **raudbrun** skrift.

Opphavleg budsjett for 2025 blei vedteke med avsetning til fond/buffer på 5,75 mill. Men i 1. tertial blei storparten av denne avsetninga stroke. Bakgrunnen for dette var samansett, men dei største momenta var at den forventa nedgang i rentenivå lot vente på seg og auka behov innan eining for oppvekst og kultur. Ved denne gjennomgangen er og behov i oppvekst og kultur eit vesentleg moment. I tillegg kjem ein sterk vekst i utgifter til pensjon. Dette blir dels «oppvegd» av ei auke i inntekter på konsesjonskraft. I sum blir det nå budsjettert å bruke 1,3 mill. av disposisjonsfond.

Effekt lokalt av sentralt lønsoppgjer for kommunesektoren er nå avklart. Lokale forhandlingar er og nærast gjennomført og effekt berekna. I opphavleg budsjett var det avsett 2,8 mill. for å taka høge for lønsoppgjeret sentralt og lokalt. Kostnad blei kr 600.000 under som då kan omdisponerast ved denne tertialgjennomgangen.

Også i 2025 er investeringsbudsjettet prega av høg aktivitet. Bygging av nytt reinselegg på Langmoen, leidningstraseen ned dit, ombygging/rehabilitering av Tveit skule og bygging av to høgdebasseng i Framnes og høgdebasseng er nokre av dei større prosjekta og som alle er ferdige eller nærast ferdige nå. Prosjektramme for ulike VA-prosjekt (Langmoen reinseanlegg, høgdebasseng Treungen, ombygging av RA til pumpestasjonar) blir nå tilrådd redusert med 18,8 mill. Dette betyr redusert låneopptak med 12,8 mill.

Sjukefråværet totalt sett for heile kommunen er pr. ved utgangen av 1. halvår 7,29% Dette fordelt med 5,74% langtidsfråvær og 1,55% i korttidsfråvær. Då 2. tertial i 2024 blei lagt fram var det på bakgrunn av ulike tekniske utfordringar ikkje lagt fram tal. Ein har derfor ikkje noko samanlikningsgrunnlag i høve til same tid i fjor.

Folketal pr. 01.07.25 syner 1.494 Nissedølar, som er ein auke på 8 personar sidan 01.01.25 og samanlikna med same tidspunkt i 2024 er det ein oppgang på 27 personar. Folketal 01.07. er sentralt i høve til rammeoverføringar frå staten komande år. I første halvår 2025 har det vore eit fødselsunderskot på 1 og ei nettoinnflytting på 9.

2 Økonomi

2.1 Bevilgningsoversikt drift

Skatt på inntekt og formue

I budsjettet for 2025 var det lagt til grunn ein vekst i skatteinngangen på 14,8% i høve til budsjett 2024. Dette gav 59,2 mill. i skatteinngang i budsjett 2025 (inkl. naturressursskatt). I 1. tertial blei det ikkje gjort nokre endringar. Dersom ein legg til grunn at skatteinngang siste månadene blir som i 2024 og får tilsvarende vekst som har vore så langt i 2025, så opprettheld ein anslaget på 59,2 mill. Det er viktig å peike på at det er eit par vesentlege skattemånader på hausten som kan endre skatteinngangen.

Rammetilskot

I revidert nasjonalbudsjett blei det m.a. teke høgde for auke i pensjonskostnader og reduksjon av opphaldsbetaling i barnehage. Effekt av dette var berre delvis kjend for oss ved vedtak av 1. tertial. Rammetilskot blei i 1. tertial auka med kr 643.000. Oppdatert prognose nå gir grunnlag for auke budsjett rammetilskot med nye kr 996.000 til 93,5 mill.

Eigedomsskatt

3 terminar eigedomsskatt er nå fakturert og budsjettet er vert oppretthalde. Det vil seie for fritidsbustader på 5,9 mill, for bustader kr 1.648.000, på vasskraftanlegg 10,5 mill. og på næringsbygg 1,6 mill. Totalt utgjør inntekter på eigedomsskatt 19,6 mill.

Integreringstilskot

Budsjettet legg til grunn busetjing av 15 flyktningar, jf. anmodning frå IMDI. IMDI har nå justert anmodninga til 13. Det er så langt busett 13 flyktningar i år, inklusiv familiegjenforening. Familiegjenforening tel ikkje med i anmodningstalet til IMDI. Det blir lagt til grunn at det blir busett minst 2 flyktningar i tida fram til nyttår og budsjett for integreringstilskot blir tilrådd oppretthalde på 13,8 mill.

Renteinntekter og –utgifter

I opphavleg budsjett blei det lagt til grunn eit rentenivå på innlån på 4,4% (snitt for heile 2025). Dette på bakgrunn av Kommunalbank sitt anslag i september 2024. Dette synte seg å vere optimistisk og i 1. tertial blei det lagt til grunn eit rentenivå på 5,2% i snitt for 2025. Anslag renteutgifter blei då høgna med 3,8 mill. til 25 mill. Rentemøte i september gav at styringsrenta blei sett ned 0,25%-poeng. Det tar som regel noko tid før dette gir seg utslag i lånerenta. Det blir lagt til grunn at dette skjer kring månadsskifte oktober/november. Då synast det som anslaget på snitt-rente frå 1. tertial bør oppretthaldast. Når det gjelder låneopptaket for 2025, så er dette gjort på eit litt seinare tidspunkt enn budsjettet la opp til. Dette gir derfor ei innsparing på renteutgifter på om lag kr 100.000.

Avdrag:

Det var i budsjettet for 2025 lagt inn kr 350.000 i avdrag på nytt låneopptak i år. Avdrag på dette lånet kjem først i 2025 og utgifter til avdrag kan derfor reduserast med kr 350.000.

Rentekompensasjon – andre statlege overføringar:

På utbygging av Tveit skule har kommunen fått innvilga at 4,8 mill. er under rentekompensasjonsordning. Dette får verknad frå august då dokumentasjon vart sendt inn til Husbanken. På årsbasis vil dette utgjere kr 190.000. For 2025 gir dette kr 48.000 i kompensasjon. Husbanken legg til grunn rentenivå på 4%.

Utbyte:

I generalforsamling VTK 20. juni blei det vedteke utbetaling utbyte i 2025. For Nissedal sin del betydde dette kr 2.150.000 som er kr 450.000 meir enn det som låg til grunn i budsjettet.

Pensjonsutgifter:

Både KLP og SPK har kome med nye prognoser som syner ein sterk auke i utgifter til pensjon. Hovudtyngda av auke i pensjonsutgifter er på KLP. På SPK er det berre det ein kan kalle ei mindre justering. Bakgrunn for auken i pensjonsutgifter samansett, men det blir særleg trekt fram innføring av livslang AFP. Auke i pensjonsutgifter er på nær 3,1 mill. Dette vert delt ut i rammene til einingane ved denne gjennomgangen. Dette vert ikkje nærare kommentert under kvart rammeområde.

Oppsummert:

| Sentrale inntekter og utgifter: | |
|--|-------------------|
| Rammetilskot | -966 000 |
| Endring avdrag innlån | -350 000 |
| Redusert renteutgift innlån | -100 000 |
| Utbyte VTK | -450 000 |
| Rentekompensasjon - auke | -48 000 |
| Sum endring av ramme: | -1 914 000 |

Avsetning og bruk av fond

I sum gir endringar i drift behov for å stryke siste rest av avsetning til disposisjonsfond (kr 52.000) og budsjettere med bruk av disposisjonsfond på kr 1.348.000,- . Ved inngangen av 2025 var beholdning på felles buffer/disposisjonsfond 12,5 mill.

§ 5-4. Bevilgningsoversikt – drift

Budsjett-endingar

| Tall i 1000 kroner | Opprinneleg budsjett 2025 | Gjeldande budsjett 2025 | Framlegg til endring : | Framlegg til nytt budsjett i 2.tertial |
|--|------------------------------|----------------------------|------------------------|---|
| Generelle driftsinntekter | | | | |
| Rammetilskudd | -91 894 | -92 537 | -966 | -93 503 |
| Inntekts- og formuesskatt | -53 142 | -53 142 | 0 | -53 142 |
| Eigedomsskatt | -19 365 | -19 617 | 0 | -19 617 |
| Andre generelle driftsinntekter | -22 114 | -22 214 | -48 | -22 262 |
| Sum generelle driftsinntekter | -186 515 | -187 510 | | -188 524 |
| Netto driftsutgifter | | | | |
| Sum bevilgninger drift, netto | 152 082 | 162 825 | 3 314 | 166 139 |
| Avskrivningar | 19 824 | 19 824 | 0 | 19 824 |
| Sum netto driftsutgifter | 171 906 | 182 649 | | 185 963 |
| Brutto driftsresultat | -14 609 | -4 861 | | -2 561 |
| Finansinntekter/Finansutgifter | | | | |
| Renteinntekter | -4 165 | -4 285 | 0 | -4 285 |
| Utbytter | -1 700 | -1 700 | -450 | -2 150 |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter | 21 163 | 24 963 | -100 | 24 863 |
| Avdrag på lån | 14 239 | 14 239 | -350 | 13 889 |
| Netto finansutgifter | 29 537 | 33 217 | | 32 317 |
| Motpost avskrivningar | -19 824 | -19 824 | 0 | -19 824 |
| Netto driftsresultat | -4 896 | 8 532 | | 9 932 |
| Disponering eller dekking av netto driftsresultat | | | | |
| Overføring til investering | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetnader til bundne driftsfond | 3 515 | 4 076 | 0 | 4 076 |
| Bruk av bundne driftsfond | -4 378 | -12 660 | 0 | -12 660 |
| Avsetnader til disposisjonsfond | 5 759 | 52 | -52 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | 0 | -1 348 | -1 348 |
| Dekking av tidlegare års meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat | 4 896 | -8 532 | | -9 932 |
| Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk) | 0 | 0 | | 0 |

2.2 Bevilgningsoversikt, netto ramme pr. rammeområde

Innspel til endringar på dei ulike rammeområda er gått gjennom og vurdert. Det visast her til vurderingar under kvart rammeområde og dei kommentarane som kjem fram under kvart rammeområde i høve til momenta i tabellen under. Innspel som kjem fram under kommentarar frå kvar eining og som ikkje er teke med i tabell under er ikkje tilrådd teke omsyn til.

| Felles - endring av ramme: | |
|---|-------------------|
| Auke i konsesjonskraftinntekter* | -3 039 000 |
| Reduksjons av lønspott heile kommunen* | -600 000 |
| Auke av utgifter til omtaksering eigedomsskatt* | 300 000 |
| Auke utgifter - Felles IT-drift heile kommunen | 450 000 |
| Auke utgifter BHT | 56 000 |
| Innføring av Merkompetanse | 76 000 |
| Adv.utgifter avklaring Fjoneferja | 36 000 |
| Ledige lønsmidlar trekt inn | -100 000 |
| Ny arkivplan - innføring samsvar* | 100 000 |
| Auke pensjonsutgifter* | 238 000 |
| Sum endring av ramme: | -2 483 000 |

| Eining for oppvekst og kultur - endring av ramme: | |
|---|------------------|
| Korrigerings av behov meldt i 1. tertial | 950 000 |
| Styrking av bemanning Felle barnehage | 512 000 |
| Styrking av bemanning Treungen barnehage | 185 000 |
| Innsparing vikarmidlar Kyrkjebygda barnehage | -250 000 |
| Red. av inntekter Kyrkjebygda SFO - auke gratis kjernetid | 40 000 |
| Auke utgifter elevtransport (usikkert tal)* | 400 000 |
| Auke pensjonsutgifter* | 923 000 |
| Sum endring av ramme: | 2 760 000 |

| Eining for velferd - endring av ramme: | |
|--|------------------|
| Nedgang i opphaldsbetaling NOS | 288 000 |
| Auka behov brukarstyrt personleg assistent * | 300 000 |
| Midlar avsett til aktivitetsbu trekt inn/overført til investering* | -40 000 |
| Auke pensjonsutgifter* | 1 529 000 |
| Sum endring av ramme: | 2 077 000 |

| Eining for plan og teknikk - endring av ramme: | |
|--|----------------|
| Brann - utrykninga/overtid - overføring Vest Telemark brann og redning | 567 000 |
| Adminstrasjon eining - løn/utstyr | 163 000 |
| Overforbruk vedliekholdsmidler | 100 000 |
| Mindreforbruk etablering SFO Fjone og Felle | -600 000 |
| K-sak 4/25 - vaktmeister/reinhold/straum SFO Fjone/Felle haust 2025 | 108 000 |
| Nedgang leigeinntekter næringsbygg, komm. Utliegebygg, omsorgsbustader | 175 000 |
| Sertifisering Miljøfyrtårn | 30 000 |
| Takstrappert evt. skade Lokstall | 30 000 |
| Mindreforbruk avsett sommarungdom | -90 000 |
| Auke pensjonsutgifter* | 249 000 |
| Sum endring av ramme: | 732 000 |

| Sjølvkost VA - endring av ramme: | |
|---|----------------|
| Reduksjon årsgebyr | 730 000 |
| Auke av pensjonsutgifter* | 92 000 |
| Sum endring av ramme: | 822 000 |

| Næring - endring av ramme: | |
|---|-----------------|
| Bruk av fond - restmidlar breibandsutbygging* | -641 000 |
| Auke pensjonsutgifter* | 47 000 |
| Sum endring av ramme: | -594 000 |

§ 5-4. Bevilgningsoversikt drift, Budsjett til fordeling pr. eining

| Tall i 1000 kroner | | Opprinneleg budsjett2025 | Gjeldande budsjett 2025 | Framlegg til endring | Framlegg til nytt budsjett i 2.tertial |
|--|--|-----------------------------|----------------------------|-------------------------|---|
| Frå Bevilgningsoversikt: | Til fordeling drift | 152 082 | 162 825 | 3 314 | 166 139 |
| Eining | Netto driftsutgifter pr. eining | | | | |
| 1 | Felles | 19 462 | 18 821 | -2 483 | 16 338 |
| 3 | Eining for oppvekst og kultur | 67 425 | 69 247 | 2 760 | 72 007 |
| 7 | Eining for velferd | 63 396 | 63 631 | 2 077 | 65 708 |
| 9 | Eining for plan og teknikk | 20 265 | 21 520 | 732 | 22 252 |
| 12 | Sjølvkost vatn og kloakk | -22 403 | -22 179 | 822 | -21 357 |
| 14 | Næring | 3 937 | 11 785 | -594 | 11 191 |
| | Netto for alle enheter | 152 082 | 162 825 | 3 314 | 166 139 |
| Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) driftsfond i driftsrammene | | | | | |
| 1 | Felles | 2 212 | 2 507 | 0 | 2 507 |
| 3 | Eining for oppvekst og kultur | -306 | -337 | 0 | -337 |
| 7 | Eining for velferd | 0 | -254 | 0 | -254 |
| 9 | Eining for plan og teknikk | -294 | -347 | 0 | -347 |
| 12 | Sjølvkost vatn og kloakk | 165 | 0 | 0 | 0 |
| 14 | Næring | -2 397 | -10 153 | 0 | -10 153 |
| Netto budsjettramme pr. eining inkl. avsetnad og bruk av fond | | | | | |
| 1 | Felles | 21 674 | 21 328 | -2 483 | 18 845 |
| 3 | Eining for oppvekst og kultur | 67 119 | 68 910 | 2 760 | 71 670 |
| 7 | Eining for velferd | 63 396 | 63 377 | 2 077 | 65 454 |
| 9 | Eining for plan og teknikk | 19 971 | 21 173 | 732 | 21 905 |
| 12 | Sjølvkost vatn og kloakk | -22 238 | -22 179 | 822 | -21 357 |
| 14 | Næring | 1 540 | 1 632 | -594 | 1 038 |

2.3 Prosjektramme – bevilgningsoversikt (investeringsprosjekt)

Kommentar til investeringsprosjekt pr. investeringsprosjekt følger under.

5126 – Startlån

Ramme for vidareutlån av Husbanken sine midlar.

Utlånsramme i budsjett for 2025 er kr 20.126.000. Dette etter opphavleg budsjett på 6 mill., overføring av unytta løyvingar frå 2024 på 4,1 mill. og vedtak i k-sak 11/25 om å styrke ramme med 10 mill. Dette er eit område med aukande aktivitet, men ein legg til grunn at ramma held til behovet ut 2025.

5149 – Kjøp og sal av aksjar, andelar og tomter

Eigenkapitalinnskot til KLP er budsjettert til kr 620.000. (Total ramme på ansvaret er kr 640.000). Krav er nå motteke for 2025 og syner ei meirutgift på kr 17.000. Budsjettet legg opp til at sal av fast eigedom/tomter skal finansiere KLP-innskot. Det er nå selt bustadtomter/tomter for kr 850.000, som er kr 80.000 over gjeldande budsjett. Overskytande (kr 63.000) blir avsett til ubunde investeringsfond. Dette kan nyttast seinare år t.d. til å finansiere EK-innskot dersom det ikkje er salsinntekter til å dekke EK-innskotet.

5631 FKB-kartlegging

Gjeld oppgradering av kartgrunnlaget, som plankontoret er avhengig av er av god kvalitet. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Kviteseid kommune, som dekker sin del av prosjektet. Avsett ramme til dette prosjektet i år er kr 414.000 (inkl. Kviteseid sin del).

5633 – Bakkebufjellet - Anleggsbidragsavtale

Anleggsbidrag frå Kyrkjebygda AS regulert i utbyggingsavtale (samla kr 4.5 million + renter fordelt på 8 år). 2025 er år 7. Sum kravd i 2025 kr 620.000 som vert avsett til bunde investeringsfond og som kan nyttast til nye VA-investeringar.

5634 Kyrkjebygdheia – opprusting av eksisterande anlegg

Prosjektet gjeld ferdigstilling av diverse tiltak i samband med at kommunen etablerte/overtok vassforsyninga på Kyrkjebygdheia. Prosjektramme 11 mill. Budsjett 2025 kr 358.000. Noko usikkert om dette blir avslutta/fullført i 2025.

5670 – Anleggsbidragsavtale – Utsjå hyttegrend – trinn 3

Kommunedirektøren har inngått anleggsbidragsavtale her etter fullmakt. Øvre ramme for prosjektet er kr 6.629.000. Dette er oppnådd i 2024. Men prosjektet blir vidareført i 2025. Avklaring kring ny avtale må gjerast. Prosjektet er fullt ut finansiert med anleggsbidrag, og utbygger styrer framdrifta.

5681 – Vassforsyning – Naurak inkl. kloakk i Rypelia

Det stod berre att nokre mindre arbeid på dette prosjektet nå i 2025. Budsjett i 2025 er kr 160.000. Prosjektet er avslutta i samsvar med budsjett/prosjektramme.

5683 – Offentleg toalett – Kyrkjebygda.

Det er tidlegare løyva kr 250.000 til dette. Fram til då er det etablert ei midlertidig løysing, der publikum kan bruke eksisterande wc på reinseanlegget. Det vil bli lagt fram eiga sak kring dette.

5686 – Anleggsbidagsavtale – Solheia 2 (2022)

Kommunedirektøren har inngått anleggsbidragsavtale her etter fullmakt. Øvre ramme for prosjektet er 2.445.000. Budsjett 2025 kr 1.960.000. Dette er fullt ut finansiert med anleggsbidrag, og utbyggar styrer framdrifta.

5687 – Anleggsbidagsavtale – Svivkollen 2 (2022)

Prosjektet er etablert med ei prosjektramme på kr 850.000, der 100 % skal dekkast med anleggsbidrag. Budsjett 2025 kr 330.000. Dette er fullt ut finansiert med anleggsbidrag, og utbyggar styrer framdrifta. Her vil det truleg ikkje skje noko før årsskifte og budsjett vert trekt inn og overført til 2026.

5696 – Ikt i skulen

Dette er eit årleg prosjekt for å følgje opp plan for IKT i skulen. Prosjektet blir vidareført ut planperioden 2025-2028 med eit årleg budsjett på kr 625.000 (ink. mva.).

5697 – Tilbygg/ombygging – Nissedal omsorgssenter

Prosjektramme 40,8 mill. 1. byggetrinn er i gang og inngåtte kontraktar er i samsvar med prosjektramme. VTDS er og blitt involvert slik at IT-infrastruktur blir ivaretatt. Prosjektet er å sjå som eit rehabiliteringsprosjekt og dermed meir uforutsigbart enn eit byggeprosjekt. Det har så langt vore behov for å gjere nokre endringar/tillegg:

Teknisk rom:

Teknisk rom på loftet for ventilasjonsaggregat var planlagt plassert i det nye tilbygget. Ventilasjonsaggregatet som no er ferdig prosjektert, viste seg å vere større enn først antatt. Teknisk rom må difor utvidast inn på loftet i eksisterande bygningen. Dette medfører at delar av den eksisterande takkonstruksjonen må bytast ut, og teknisk rom må byggjast større enn det som er skildra i anbudsdokumenta. Auka kostnad kr 760.000 eks. mva.

Dekke i kafe:

Ved utgraving av byggegropa oppdaga entreprenøren at delar av dekket til kafeen i første etasje låg direkte på grunn og ikkje var sjølvberande. Dette dekket måtte fjernast, og det måtte byggjast opp ein berevegg for å kunne legge nytt hulldekke. Kostnad ca. kr 72 000 eks. mva

Vaktelefonar:

Vaktelefonar som er omtalt i anbudsunderlaget er ikkje av typen "smarttelefon". Det vil sei at personalet på må betjene fleire telefonar samtidig sidan dei nyttar ulike appar. Dette er ei lite framtidsretta løysing. Me har valt å endre til ein type smarttelefon som dekar personalet sine behov, slik at dei kan klare seg med ein telefon. Kostnadca. kr 300 000,- eks. mva

Desse ekstrakostnadene har ein funne dekning i «uforutsettposten». Men skulle det dukke opp nye uforutsette utgifter vil det truleg vere behov for tilleggsløyving. Det er avdekt at taket på bygget er av dårleg kvalitet. Men dette får ein kome attende til seinare, evt. i samband med byggetrinn II. Total prosjektramme er 40,8 mill.

5704 Anleggsbidragsavtale-Raudnes

Prosjektet er etablert med ei prosjektramme på kr 4.536.000, der 100 % skal dekkast med anleggsbidrag. Budsjett 2025 er kr 1.613.000. Utbyggar styrar framdrift på prosjektet.

5705 Ombygging/rehabilitering-Tveit skule

Offisiell opning var ved skulestart slik det var planlagt. Total prosjektramme 67,2 mill. Budsjett for 2025 blir då i utgangspunktet kr 36.380.000, etter tilleggsløyving i 1. tertial. Sjølv om skulen er opna og teke i bruk står det ennå att noko arbeid. I etterkant av oppstart av prosjektet er det blitt arbeidd med å søke om tilskot (spelemidlar) på delar av utbygginga. Det er gitt tilsagn på 2,2 mill. i tilskot. Dette kunne vore nytta til å redusere låneopptaket på prosjektet. Men det har undervegs komme til/blitt avdekt nye behov. Desse nye behova blei handsama i prosjekterings- og byggjenemnda i sak 5/25, 5. juni. Desse behova var kort oppsummert: Augespylar/nøddusj basseng, ventilasjon under bassenget, driftsovervaking av tekniske installasjonar, telefon-/nettdekning under bassenget, port for å låse inn div. utstyr for vaktmeister, belegg som var tenkt gjenbrukt men som synte seg ikkje mogleg. I tillegg div. tiltak utomhus kring planting av trær, legging av heller m.m. Jf. vedtak i nemnda blei ramme for prosjektet utvida med 2,75 mill. inkl. mva. (dvs. 2,2 mill. pluss mva.).

Prosjektet har og kome inn under rentekompensasjonsordning frå Husbanken. 4,8 mill. av låneopptaket får kommunen rentekompensasjon på. Men dette kjem som inntekt på driftsbudsjettet framover.

5706 Brannbil

Ny brannbil blei bestilt i 2024 med levering hausten 2025. Prosjektramme (6,25 mill. inkl. mva.). Levering er varsla blir noko forseinka, truleg i desember. Budsjett 2025 på kr 4.770.000 (inkl. mva.)

5708 Etablering – IKT-samarbeid

I 1. tertial blei det etablert eit prosjekt i høve til oppgradering av nettverksutstyr og serverpark. I tillegg inngjekk ny autentiseringsløyving for web-apps for iPad og PC-ar. Dette til ein kostnad av kr 150.000 inkl. mva.

5710 Bil – Dagsenter

Prosjektamme kr 543.000. Det er kjøpt inn ein bruka VW-transporter, som dekker dei behov som var sett til denne bilen i høve til m.a. rullestol.

5711 Rehabilitering – 2 bustader i Smeitkollen

Gjeldande prosjektramme er 2 mill. Budsjett 2025 kr 839.000,-.

På dette prosjektet blei det i 1. tertial løyva ekstra midlar m.a. ved at det blei avdekt at grunnmuren var blitt øydelagt. Det var og behov for meir drenering enn det som var lagt til grunn i utgangspunktet. Prosjektet er nå avslutta i samsvar med budsjett/prosjektramme.

5712 Restaurering/ombygging - Lokstall

Eksterne tilskotsmidlar, som i hovudsak var motteke for å bygge klatrehall, blir nå nytta til rehabilitering av bygget. Arbeidet er nå godt i gang bytte av vindauge er blitt gjennomført. Vest-Telemark museum har vore involvert i planlegginga av arbeidet, slik at verneinteresser blir ivareteke. Prosjektramme er kr 2.775.000. Prosjektet er planlagt ferdig i år. I 1. tertial

stod det kommentert i tekstdel at restmidlar frå 2024 (kr 29.000) blir overført til 2025-budsjettet. Ved ein feil var ikkje dette innarbeidd i talmaterialet, slik at dette blir gjort nå.

5713 Ombygging Naurak RA til pumpestasjon

Prosjektramme 4.465.000 jf. k-sak 67/24. Budsjett 2025 kr 4.105.000. Jf. anbod motteke på oppdraget er det grunnlag for å redusere prosjektramme/budsjett med kr 400.000. Prosjektet er planlagd ferdig i løpet av året.

5717 – Anleggsbidragsavtale – Nisser brygge

Prosjektet vart vedteke i k-sak 5/24 med ei prosjektramme på kr 4.616.000. Dette vert finansiert med kr 3.821.000 i anleggsbidrag og kr 795.000 i bruk av lån. Utbyggar styrar framdrift i prosjektet.

5718 Ombygging Nissedal RA til pumpestasjon

Prosjektramme 6.800.000 jf. k-sak 67/24. Jf. anbod motteke på oppdraget er det grunnlag for å redusere prosjektramme/budsjett med kr 650.000. Prosjektet er planlagd ferdig i løpet av året.

5721 – Trafikksikring – Tveit skule

I k-sak 34/24 blei dette prosjektet vedteke. Dette gjeld prosjektering av trafikksikringstiltak kring skulane og Fleirbrukshuset. Ramme for prosjektet er kr 500.000 (inkl. mva) og tilskot frå Fylkeskommunen er kr 400.000. Kommunen sin eigenandel er arbeidsinnsats på prosjektet.

5723 – VA – Haugsjåsund

Prosjektet blei vedteke i k-sak 38/25, med ei prosjektramme på kr 1.725.000,- . Prosjektet er utbygging av kloakkledning i Haugsjåsund. Prosjektet opnar og for at det kan bli gjort trafikksikringstiltak i området. Arbeidet er i gang, men det er noko usikkert om det blir ferdigstilt i år.

5726 – NOS – byggetrinn 2

Det blei lagt fram sak for kommunestyret i juni. Det blei då gjort vedtak om å prosjektere vidare i høve til ombygging av NOS. Bygging av nye omsorgsbustader blei sendt tilbake til kommunedirektør for grundigare utredningar kring ENØK-tiltak og vurdering av kvalitet/utforming for å redusere totalt prisbilete. Det er ikkje løyva prosjekteringsmidlar på dette prosjektet. Litt skjønsmessig vert det avsett 0,5 mill. eks. mva. i denne omgang. Det gir ei førebels prosjektramme på kr 625.000.

5727 – Ny kum/brannhydrant – Tveit skule.

Under bygging på Tveit skule var det behov for fjerne/flytte ein leidning. Dette for å unngå at ein i framtida ein gong evt. måtte grave opp nytt uteområde ved feilretting. Det blei då vurdert at det ville svært tenleg å etablere ny vasskum og brannhydrant, saman med arbeidet med å flytte traseen. Dette til ein kostnad av kr 205.000. Prosjektet er avslutta.

5728 Grasklyppar:

I 1. tertial blei det løyva pengar til innkjøp av ny grasklyppar etter ein av kommunens grasklypparar var gitt opp å reparere. Dette til ein pris på kr 152.000 inkl. mva.

5729 Aktivitetsbu NOS:

I driftsbudsjettet for 2025 blei det avsett kr 40.000 i støtte til Frivilligsentralen for å bygge/etablere ei aktivitetsbu i nærleiken av NOS. Etter kvart som prosjektet endra seg og blei meir omfattande enn tenkt, så blei innretning av prosjektet endra, slik at det var kommunen som stod for utbygging og står som eigar/drivar av bua. Ramme for prosjektet er kr 250.000. (ink. mva.). Finansiering er refusjon frå Frivilligsentralen kr 160.000, bruk av lån kr 40.000 og mva.ref. kr 50.000.

5730 Kommunehuset - forstudie:

På kommunehuset er det behov for større utbetringar. Dette går på ventilasjon, nettverk, lys, lydisolering og universell utforming. Lydisolering er særleg viktig for helse/psykiatri/ kyrkja der det blir peika på at dette er eit problem i høve til personvern. Det bør og blitt sett på om ein kunne endre rominndeling, endre på tilhaldsstad for dei ulike avdelingane i huset for å få ein betre romutnytting. Det er behov for noko ekstern bistand i prosjekteringsarbeidet. Kor omfattande dette forarbeidet vil bli er usikkert. Det er til nå nytta kr 100.000 inkl. mva. Det vert tilrådd å sette av kr 250.000 (inkl. mva.).

Felles VA-prosjekt saman med Drangedal kommune

5657 – Høgdebasseng – Tveit (Treungen)

Prosjektramme er kr 27.600.000, og der refusjon frå Drangedal kommune utgjer kr 9.388.000. Budsjett for 2025 utgjer kr 11.334.000. Prosjektet er nærast slutført og det ligg an til at prosjektet vil kome godt under ramme/budsjett. Prosjektramme/budsjett blir tilrådd redusert med 4 mill. Dette jf. rapportering frå AsplanViak.

5678 – Utbygging – Langmoen reinseanlegg

Total prosjektramme er 170 mill., jf. k-sak 67/24. Budsjett 2025 er kr 75.322.000. Det er gjennomført testkøyring i løpet sommaren og anlegget er svært nær ferdigstillt. Ein har ikkje endelege tal klar, men det er grunnlag for å redusere prosjektramme/budsjett med 13 mill. Dette jf. rapportering frå AsplanViak.

5679 – Utbygging – Felles vass- og avløpsleidning Langmoen

Prosjektramme blei i k-sak 67/24 redusert med 18,4 mill. Total prosjektramme er nå 40,3 mill. Budsjett 2025 er kr 2.896.000. Det er og her gjennomført testkøyring, utan at det er avdekt problem. Det står att noko utgifter før ein har endeleg sluttresultat, men det ligg an til at prosjektet blir avslutta i samsvar med budsjett/prosjektramme. Dette jf. rapportering frå AsplanViak.

5719 Ombygging Treungen RA til pumpestasjon

Prosjektramme kr 5.681.000 jf. k-sak 67/24. Budsjett 2025 kr 5.630.000. Etter plan skal prosjektet vere ferdig i haust. Prosjektramme/budsjett kan reduserast med 0,5 mill. Dette jf. rapportering frå AsplanViak.

5720 Ombygging Gautefall RA til pumpestasjon

Prosjektramme/budsjett kr 6.961.000 jf. k-sak 67/24. Prosjektet er forventa ferdig i år. Prosjektramme/budsjett kan reduserast med 0,5 mill. Dette jf. rapportering frå AsplanViak.

5725 Sanering av Fuglli reinseanlegg

Prosjektramme kr 592.000 jf. k-sak 67/24. Budsjett 2025 kr 582.000. Prosjektet er forventa ferdig i løpet av 2025. Prosjektet er forventa avslutta i samsvar med budsjett/prosjektramme. Dette jf. rapportering frå AsplanViak.

§ 5-5. Bevilgningsoversikt – investering

Budsjett

| Tall i 1000 kroner | Opprinneleg budsjett 2025 | Gjeldande budsjett 2025 | Framlegg til endring i 2.tertial | Framlegg til nytt budsjett i 2.tertial |
|--|---------------------------|-------------------------|----------------------------------|--|
| Investeringsutgifter | | | | |
| Investeringar i varige driftsmidler | 197 208 | 211 075 | -15 476 | 195 599 |
| Tilskot til andre sine investeringar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 620 | 620 | 17 | 637 |
| Utlån av egne midlar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum investeringsutgifter | 197 828 | 211 695 | | 196 236 |
| Investeringsinntekter | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -17 044 | -17 140 | -781 | -17 921 |
| Tilskot frå andre | -24 469 | -30 775 | -2 030 | -32 805 |
| Sal av varige driftsmidler | -68 090 | -70 492 | 12 520 | -57 972 |
| Salg av finansielle anleggsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utdeling frå selskap | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottekne avdrag på utlån av egne midler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -116 114 | -125 222 | 12 010 | -113 212 |
| Sum investeringsinntekter | -225 717 | -243 629 | | -221 910 |
| Vidareutlån | | | | |
| Vidareutlån | 6 000 | 20 126 | 0 | 20 126 |
| Bruk av lån til vidareutlån | -6 000 | -19 766 | 0 | -19 766 |
| Avdrag på lån til vidareutlån | 1 113 | 1 113 | 0 | 1 113 |
| Mottekne avdrag på vidareutlån | -1 113 | -1 113 | 0 | -1 113 |
| Netto utgifter vidareutlån | 0 | 360 | | 360 |
| Overføring frå drift og netto avsetnader | | | | |
| Overføring frå drift | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetnader til bundne investeringsfond | 0 | 620 | 0 | 620 |
| Bruk av bundne investeringsfond | -5 846 | -6 238 | -23 | -6 261 |
| Avsetnader til ubunde investeringsfond | 0 | 130 | 63 | 193 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekking av tidlegere års udekka beløp | 0 | 2 201 | 0 | 2 201 |
| Sum overføring frå drift og netto avsetnader | -5 846 | -3 287 | | -3 247 |
| Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp) | -33 735 | -34 861 | | -28 561 |
| Kontrollsum konto 980 Rekneskapsmessig meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd) | | | | |
| Inntekter til fordeling | -33 735 | -34 861 | 6 300 | -28 561 |
| Utgifter til fordeling | 197 828 | 211 695 | -15 459 | 196 236 |
| Sum til fordeling (netto) | 164 093 | 176 834 | | 167 675 |

Tilrådte endringer av budsjett og prosjektramme pr. prosjekt:

| Note | Bevilgningsoversikt-investering pr. prosjekt (Røde tal betyr at ev. mva inngår i tala) | Gjeldande prosjekt-ramme pr.01.01.25 | Endring av prosjekt-ramme i 2025 | Gjeldande prosjekt-ramme | Opprinneleg budsjett 2025 | Gjeldande budsjett 2025 | Estimert endring i 2.tert | Estimert endeleg budsjett |
|------|---|--------------------------------------|----------------------------------|--------------------------|---------------------------|-------------------------|---------------------------|---------------------------|
| 5149 | Kjøp og sal av aksjar, andelar og tomter | 620 000 | 37 000 | 657 000 | 620 000 | 640 000 | 17 000 | 657 000 |
| 5631 | FKB-kartlegging | 414 000 | | 414 000 | 414 000 | 414 000 | | 414 000 |
| 5634 | Opprusting eksisterande anlegg - Kyrkjebygdheia | 11 000 000 | | 11 000 000 | 0 | 358 000 | | 358 000 |
| 5670 | Anleggsbidragsavtale-Utsjå hyttegrend-trinn 3 | 6 629 000 | | 6 629 000 | 0 | 0 | | 0 |
| 5681 | Vassforsyning - Naurak inkl. kloakk i Rypelia | 5 408 000 | 160 000 | 5 568 000 | 0 | 160 000 | | 160 000 |
| 5686 | Anleggsbidragsavtale - Solheia 2 (2022) | 2 445 000 | | 2 445 000 | 1 960 000 | 1 960 000 | | 1 960 000 |
| 5687 | Anleggsbidragsavtale Svivkollen (2022) | 850 000 | | 850 000 | 330 000 | 330 000 | -330 000 | 0 |
| 5696 | Ikt i skulen | 625 000 | | 625 000 | 625 000 | 625 000 | | 625 000 |
| 5697 | Tilbygg/ombygging - Nissedal omsorgssenter | 40 802 000 | | 40 802 000 | 39 043 000 | 39 646 000 | | 39 646 000 |
| 5704 | Anleggsbidragsavtale - Raudnes hyttefelt | 4 536 000 | | 4 536 000 | 0 | 1 613 000 | | 1 613 000 |
| 5705 | Ombygging/rehabilitering-Tveit skule | 66 750 000 | 3 115 000 | 69 865 000 | 38 000 000 | 36 380 000 | 2 750 000 | 39 130 000 |
| 5706 | Brannbil | 6 250 000 | | 6 250 000 | 4 770 000 | 4 770 000 | | 4 770 000 |
| 5708 | Etablering - Ikt-samarbeid | 0 | 150 000 | 150 000 | 0 | 150 000 | | 150 000 |
| 5710 | Bil - Dagsenter | 600 000 | -57 000 | 543 000 | 600 000 | 543 000 | | 543 000 |
| 5711 | Rehabilitering - 2 bustader Smeitkollen | 2 000 000 | 470 000 | 2 470 000 | 0 | 839 000 | | 839 000 |
| 5712 | Restaurering/ombygging-Lokstall | 2 813 000 | | 2 813 000 | 2 775 000 | 2 775 000 | 29 000 | 2 804 000 |
| 5713 | Ombygging Naurak RA til pumpestasjon | 4 465 000 | -400 000 | 4 065 000 | 3 865 000 | 4 105 000 | -400 000 | 3 705 000 |
| 5717 | Anleggsbidragsavtale - Nisser brygge | 4 616 000 | | 4 616 000 | 0 | 4 592 000 | | 4 592 000 |
| 5718 | Ombygging-Nissedal RA til pumpestasjon | 6 801 000 | -650 000 | 6 151 000 | 5 270 000 | 6 668 000 | -650 000 | 6 018 000 |
| 5721 | Forprosjekt - trafikksikring - Tveit skule | 500 000 | | 500 000 | 0 | 355 000 | | 355 000 |
| 5723 | VA - Haugsjåsund | | 1 725 000 | 1 725 000 | 0 | 1 725 000 | | 1 725 000 |
| 5726 | NOS - byggetrinn 2 | | 625 000 | 625 000 | | 0 | 625 000 | 625 000 |
| 5727 | Ny kum/brannhydrant-Tveit skule | | 205 000 | 205 000 | 0 | 205 000 | | 205 000 |
| 5728 | Grasklyppar | | 152 000 | 152 000 | 0 | 152 000 | 0 | 152 000 |
| 5729 | Aktivitetsbu - NOS | | 250 000 | 250 000 | | 0 | 250 000 | 250 000 |
| 5730 | Kommunehuset - forstudie | | 250 000 | 250 000 | | 0 | 250 000 | 250 000 |
| | Sum egne anlegg | 168 124 000 | 6 032 000 | 174 156 000 | 98 272 000 | 109 005 000 | 2 541 000 | 111 546 000 |
| 5657 | Høgdebasseng Tveit (Treungen) | 27 600 000 | -4 000 000 | 23 600 000 | 7 000 000 | 11 334 000 | -4 000 000 | 7 334 000 |
| 5678 | Utbygging - Langmoen reinseanlegg | 170 000 000 | -13 000 000 | 157 000 000 | 79 267 000 | 75 322 000 | -13 000 000 | 62 322 000 |
| 5679 | Utbygging - felles vass- og avløpsleidning Langmoen | 40 323 000 | | 40 323 000 | 2 896 000 | 2 896 000 | | 2 896 000 |
| 5719 | Ombygging-Treungen RA til pumpestasjon | 5 681 000 | -500 000 | 5 181 000 | 3 580 000 | 5 630 000 | -500 000 | 5 130 000 |
| 5720 | Ombygging-Gautefall RA til pumpestasjon | 6 961 000 | -700 000 | 6 261 000 | 6 221 000 | 6 926 000 | -700 000 | 6 226 000 |
| 5725 | Sanering av Fuglli reinseanlegg | 592 000 | | 592 000 | 592 000 | 582 000 | | 582 000 |
| | Sum fellesanlegg med Drangedal kommune | 251 157 000 | -18 200 000 | 232 957 000 | 99 556 000 | 102 690 000 | -18 200 000 | 84 490 000 |

2.4 Rapport - Finansforvaltning

Det er så langt i 2025 gjennomført 2 låneopptak. 1 lån til finansiering av startlån, på 10 mill. i Husbanken. I tillegg jf. budsjettvedtak 2 lån på i KLP Banken på høvesvis 40 mill. og 64 mill. Dette var låneopptaket for 2025, jf. budsjettvedtak, til finansiering av investeringsbudsjettet.

Rapportering for passiva:

| | 22.09.2025 | | |
|--------------------------|------------------------------|------|------|
| | Mill. kr | % | Dur. |
| Lån med pt rente | 543,6 | 5,1% | |
| Lån med 3 mnd. NIBOR | 0 | | |
| Lån med fast rente | 0 | | |
| Finansiell leasing | 0 | | |
| Samla langsiktig gjeld | 543,6 | | |
| Effektiv rente | Ikkje berekna | | |
| Tal på løpande enkeltlån | 22 | | |
| Største enkeltlån | 108,7 mill. i Kommunalbanken | | |

Rapportering for midlar til driftsføremål:

| | 22.09.2025 | | |
|---|---------------|-------|------|
| | Mill. kr | % | Dur. |
| Innskot hjå hovudbank | 64,9 | 4,66% | |
| Innskot andre bankar | 0 | | |
| Samla kortsiktig likv. | 64,9 | | |
| Avkastning | 1,72 | | |
| Stadfesting av enkeltpapir ≤ 15 mnd. Løpetid. | Ikkje aktuelt | | |
| Største tidsinnskot | | | |

Alle lån er jf. finansreglementet teke opp med flytande rente. Dette gjer til at kommunen er sårbar for renteendringar på innlån. Lån til finansiering av investeringar dei siste åra er tatt med 40 års avdragstid. Dette for å få betre samsvar med avskrivningstida på VA-anlegg. Utover at lån berre skal takast opp med flytande rente, legg gjeldande finansreglement opp til ei særskild låg risikoeksponering. Jf. budsjettvedtak er avdrag på 1 mill. i 2025 utsett.

Det er ingen avvik å rapportere om mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

3 – Handlingsdelen

3.1 Sentral leiing

Kommunedirektøren si leiargruppe er Leiarforum der 4 kommunalsjefar, einingsleiar teknisk og plansjef.

Politiske saker vert utgreidd av sakshandsamar, som ofte er ein av kommunalsjefane, einingsleiar teknisk eller plansjefen, men tilrådinga er kommunedirektøren si. Dette systemet er basert på det me kallar for fullført sakshandsaming, som i praksis betyr at sakshandsamar skriv saka med konklusjon og tilråding. Sentral leiing er rettleiarar i saksprosessane.

Kommunedirektøren har eit overordna personalansvar i kommunen. Kommunedirektøren har møter i arbeidsmiljøutvalet og kontaktmøter med hovudtillitsvalte.

Lokale lønnsforhandlingar blir gjennomført saman med fagsamanslutningane og forhandlingsutvalet.

Sentral leiing har eit overordna ansvar for at det vert gjennomført vernerundar og medarbeidarsamtalar, og at HMS er i eit skarpt fokus i heile organisasjonen.

Felles mål for heile organisasjonen

- Kommunen skal vere ein god arbeidsplass i alle fasar av tilsette sitt arbeidsforhold.
- Kommunen skal opplevast som ein inkluderande arbeidslivsbedrift som arbeider med å førebygge og redusere sjukefråvær, styrkje jobbnærværet, betre arbeidsmiljøet og hindre utstøying og fråfall frå arbeidslivet
- Gjennom oppdaterte reglement, retningsliner og rutinar skal kommunen ha ein tydeleg personalpolitikk, med fokus på eit godt samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta.
- Planmessig kompetanseutvikling og rekruttering skal sikre naudsynt kompetanse i organisasjonen.
- Nissedal kommune deltek i mange ulike samarbeid, både i form av etablert tenesteyting og meir utviklingsretta prosjekt. Kommunen skal vere ein aktiv part i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark generelt, og i dei interkommunale samarbeida spesielt.
- Gjennom ein samla beredskapsplan skal kommunen vere førebudd på hendingar og kriser som krev særskilde tiltak for å oppretthalde tenesteyting og/eller handtering av publikum, pårørande eller andre

Felles tiltak for heile organisasjonen

- Særskilt fokus på sjukefråværsoppfølging
Kommunedirektøren har ved sine personalansvarlege eit særskilt fokus på oppfølging av eigne tilsette for å førebygge fråvær og legge til rette for å kome raskt attende i arbeid. Kommunedirektøren har leiarsamlingar jamleg for alle leiarar med personalansvar, og oppfølging av sjukmeldte er eit sentralt og repeterande tema.
- Bonusordning på avdelingsnivå der avdelingar med størst nedgang i sjukefråvær eller som har 0 i sjukefråvær skal belønnes med velferdstiltak (sum kr 10.000).
Dette tiltaket blir følgt opp når fråværstala for heile 2025 er kjent.
- Som eit trivselstiltak blir badstu/basseng gratis for kommunalt tilsette under ordinære opningstider.
Tiltaket har vore godt nytta.
- Følgje opp medarbeidarundersøkinga 10-faktor
Tiltaket er i stor grad følgt opp med Analyse og handlingsplan. Deler av Velferd har, grunna utskiftingar av mellomleiarar, valt å utsette arbeidet til neste gang.
- Verktøyet 10-faktor må evaluerast. Dersom me skal vidareføre dette verktøyet bør resultat og evaluering leggjast fram for kommunestyret 2. kvart år.
Dette tiltaket vil bli følgt opp.
- Vidareutvikle bruken av internkontrollsystemet Compilo og innføre kompetansestyringssystemet MER-kompetanse
Compilo er no eit innarbeidd system for kommunen sitt internkontrollsystem. Kommunedirektøren vurderer no å utvide systemet med nye, effektive modular som t.d. Bridge- og Ros-modulen. HMS-avvik frå handlingsplanen etter vernerundane blir registrert i Compilo, og her blir avvika lukka fortløpande.

MER-kompetanse er innført, og på kort tid vist seg som eit svært nyttig kompetanseverktøy.
- Gjere kjent ROS-analyse og ny beredskapsplan i alle einingar med tanke på uønska hendingar som kan inntreffe.
Det meste av rammeverket med ulike overordna beredskapsplanar er no på plass, og arbeidet med å gjere desse kjent for tilsette, øve og evaluere hendingar blir viktig for å halde naudsynt standard på beredskapsarbeidet. Kommunedirektøren og beredskapskoordinator vil legge til rette for dette framover.
- Opplæring av tilsette som vil få ei rolle/oppgåve under uønska hendingar.
Dei som har ei aktiv rolle i beredskapsarbeidet har sine rollekort. Opplæring av beredskapsleiinga vil mellom anna gå på at rolla til den enkelte deltakar er kjent.
- Ha særleg fokus på kriseleiinga sine oppgåver gjennom øving og evaluering. Sikre at alle har opplæring i naudnett og i det nye krisestøtteverktøyet RAYVN.
Kommunedirektør og beredskapskoordinator har etablert møter seg mellom tysdagar kvar fjortande dag. Beredskapsøvingar i ulike former og evaluering av hendingar vil vere sentralt i beredskapsarbeidet frametter. Det nye kriseverktøyet RAYVN vil alle i beredskapsleiinga få opplæring i.

- Legge til rette for Sivilforsvaret sitt behov for lager til sitt utstyr.
Kommunedirektøren i Nissedal har oversikt over Sivilforsvaret sine behov for lager i Nissedal, men kommunane i Telemark har ikkje tatt stilling til fordelingsnøklar for kostnader ved å halde distriktslager til Sivilforsvaret (herunder omgjerung og vedlikehald av lager).
Kommunedirektøren i Nissedal tok dette opp i kommunedirektørutvalet i Vest-Telemark, og dette initiativet har ført til at leiar for kommunedirektørutvalet i Telemark tek initiativ til møte med distriktssjefen for å få eit grunnlag til ei sak om fordeling av utgifter til distriktslager i Telemark. Når dette er klart, vil det bli lagt fram ei løyvingssak til kommunestyret for å gjere naudsynte tilpassingar i gamle brannstasjon, som er lokalet lageret er i dag og er tenkt til i framtida.
- Slutføre arbeidet med plan for å beholde og rekruttere kvalifisert arbeidskraft
Planen er vedteken, og vil i medhald av vedtaket bli rullert hausten -25.
- Slutføre arbeidet med lokal tiltaksplan til felles klimaplan for Vest-Telemark
Arbeidet er starta, men ikkje slutført. Parallelt blir det no jobba med ei rullering av handlingsdelen til felles klimaplan for Vest-Telemark.
- Nissedal kommune blir miljøsertifisert.
Arbeidet med å sertifisere kommunehuset i første omgang pågår, og vil bli slutført i 2025.
- Implementere Det gode partsamarbeidet i Nissedal kommune
Det gode partssamarbeidet i Nissedal er implementert. Partane bruka mykje tid til dette i fjor haust, og kom fram til eit omforeina samarbeidsdokument i lys av Hovudavtalen.
Kommunedirektøren evaluerer fortløpande korleis kvart område i organisasjonen følgjer opp samarbeidsdokumentet i kvardagen.
- Det blir sett av ein pengesum som kan nyttast til å markere tilsette som fyller runde år, som 30, 40, 50 og 60 år. (Gjeldande frå 2026).
Dette blir følgt opp i samband med budsjett 2026

3.2 Fellestenesta

Fellestenesta har 6,7 årsverk fordelt på 7 personar. Fellestenesta er leia av kommunalsjef økonomi. Av tenester som ligg til fellestenesta kan nemnast, resepsjon/sentralbord, rekneskap, løn, fakturering, arkiv/post, personal, møtepapir, heimeside. Nettoramme for dei ansvarsområda som utgjer fellestenesta er 3,5 mill. (Tenestene, viktigaste førande lovverk/nasjonale føringar, årsverk, kostnadsramme, inntekter og netto ramme).

Mål for tenestene

- Halde eit forsvarleg og godt fagleg nivå på dei administrative tenestene som ligg til fellestenesta
- Yte god støtte til leiarar og andre tilsette i einingane som jobbar med administrative/merkantile oppgåver.
- Oppnå i størst mogleg grad at nøkkelkompetanse er fordelt på meir enn ein person, for å redusere sårbarhet ved fråvær.
- Oppnå effektivisering ved å automatisere/digitalisere/forenkle utan at kvaliteten på arbeidet blir redusert.

Tiltak

- Fullføre arbeidet med oppdatering av rammer- og retningslinjer for eigedomsskatt og gjennomføring av ordinær synfaring av alle eigedomar i kommunen.
Det er engasjert inn lokalt personell som skal utføre taksering. Opplæring av desse er gjennomført og dei byrja på jobben i midten av september. Plankontoret skal utføre store delar av registreringsarbeidet i fagsystemet og endringar i matrikkel. Arbeidet vil truleg vare fram til november. Det blir lagt til grunn at alt vil vere klart for utskrivning for eigedomsskatt 2026 etter ny takst.
- Rullere økonomireglement og finansreglement.
Dette arbeidet er ikkje byrja på. Dette må ein utsette til 2026 m.a. pga. at arbeidet med omtaksering eigedomsskatt må prioriterast.
- Rullere arkivplan
Dette vil bli eit samarbeidsprosjekt i Vest-Telemark. Det har vore i «startgropa» lenge, men ein har ikkje kome i gang pga. andre prosjekt, m.a. innføring av nytt sak/arkiv-system. Ein er nå i gang med arbeidet, men ny arkivplan vil ikkje bli fullført før i 2026.
- Formannskapet får orientering to gonger i året (mars/sept.) om stillingsheimlar inn/ut/vakant (Enkelt excel-ark).
Blei lagt fram for formannskapet i mai og september.

3.3 Andre interkommunale samarbeid

Nissedal kommune har skilt ut delar av kommunen si verksemd i interkommunale samarbeid, interkommunale selskap og aksjeselskap. Fleire av desse er eigne rettssubjekt og blir ikkje regulert av kommunelova.

Val av organisasjonsform legg rammene for kva høve kommunestyret har til styring av desse verksemdene. Fristilte selskap har eigne selskapsorgan og er regulerte av særskilt regelverk, som mellom anna omhandlar forholdet mellom eigarane (kommunen) og selskapsorgana. Dette gjev utfordringar når det gjeld demokratisk folkevald styring, innsyn og kontroll av verksemda. Eigarsstyring og selskapskontroll er kommunesektoren sitt verkty for å møte desse utfordringane.

Ei eigarskapsmelding skal gjere tydeleg kva kommunen vil med sitt eigarskap, formål og langsiktige mål og grunnleggande prinsipp som skal gjelde for selskap som kommunen vel å nytte for delar av si verksemd. Vidare skal ei eigarskapsmelding innehalde ein oversikt over dei føretaka og selskapa som kommunen er eigar i og eigarstrategi for det einskilde selskap.

Eigarskapsmeldinga skal ikkje nyttast til å detaljstyre selskapa. Når kommunen vel å leggje ein del av sine verdiar inn i eit selskap, medfører det og ei overføring av styringsrett til verksemda. Kommunen må trekkje opp ei ytre ramme av prinsipp og reglar, og innafor denne eigarstrategien må selskapet ha ein stor grad av spelerom.

Kommunen kan som medveten eigar utøve sitt eigarskap gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Om kommunen gjer dette godt nok, vil koma fram gjennom eigarskapskontroll som kommunens kontrollutval utøver som del av selskapskontrollen i kommunen. Heimel for selskapskontroll finn me i kommunelova §77, jf. i tillegg §80 om innsynsrett i selskap. Plan for selskapskontroll for kvar fireårsperiode skal leggast fram for kommunestyret seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, jf. Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Gjennom denne planen vil kommunestyret vedta kva for selskap som skal undersøkjast, anten som eigarskapskontroll (obligatorisk) eller forvaltningsrevisjon (friviljug).

Eigarstyringsprinsipp i Nissedal kommune

1. Kommunen skal definere føremålet med selskapet (alle selskapsformer) og skal som eigar gje klare langsiktige mål for selskapa gjennom eigarstrategi for det einsskilde selskap. Kommunen skal setje utbyte- og avkastningsmål for selskapa.
2. Nissedal kommune fremjar sine interesser gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Kommunen føreset at styret sjølv kontrollerer leiinga av selskapet på vegne av eigarane.
3. Kommunens formelle eigarorgan er kommunestyret. Kommunestyret har eit tilsyns- og kontrollansvar for kommunens eigarskap, og vedtek eigarmelding og eigarstrategiar for dei selskapa kommunen har eigarinteresser i. I selskap med fleire eigarkommunar bør kommunane utarbeide felles eigarskapsmelding og utbytepolitikk.
4. Årsmeldingar blir lagt fram for kommunestyret, som og skal få jamleg informasjon om selskapa. Kommunestyret går i starten av ny kommunestyreperiode gjennom dei selskapa som dei ønskjer selskapskontroll for.
5. Det bør nyttast valnemnd som grunnlag for å setje saman styra i selskapa. Styra skal setjast saman ut frå kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapets behov, eigenart og formål. Styret sitt arbeid skal evaluerast jamleg.
6. Godtgjersle til styret skal vera på moderat nivå, men rimeleg ut frå styrets ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten til arbeidet. Leiars lønsnivå bør vera konkurransedyktig, men ikkje lønsleiande.
7. Selskapa skal vere medvetne om sitt samfunnsansvar, og særleg vektlegge arbeid mot misleghald og korrupsjon, rett og effektiv ressursbruk ved anskaffingar , høg standard på arbeidet med helse, miljø og tryggleik, likestilling, mangfald og samfunnstryggleik.
8. Nissedal kommune sine etiske retningsliner skal ligge til grunn for den verksemda som vert drive i selskap der kommunen har eigarinteresser. Selskapa bør ha eigne etiske retningsliner.
9. Nissedal kommune skal vera open om sin eigarstrategi og selskapa si verksemd, og informasjon skal vera tilgjengeleg for alle.
10. Nissedal kommune sine styrerepresentantar skal vera registrert i styrevervregisteret.

Nissedal kommune har eigarinteresse i desse selskapa og samarbeida:

Renovasjon – IATA, Vest-Telemark brannsamarbeid, Vest-Telemarkrådet, Vest-Telemark Barnevernsamarbeid, Nav Vest-Telemark, Telemark innkjøpssamarbeid TIS, Interkommunalt landbrukskontor

Kompetanseutvikling:

Heile leiargruppa (kommunedirektør, kommunalsjefar, avdelingsleiar) har gjennomført eit leiirutviklingsprogram..

Sjukefråvær:

På felles/sentral leiing var det ein sjukefråværs-% på 1,5% pr. 01.08. Dette var 0,74% langtidsfråvær og 0,76% kortidsfråvær. Dette er ein klar nedgang i høve til same tid i fjor då det var ein fråværs-% på 6,94%.

Økonomivurderingar – Nye behov/utfordringar:

Det har i september kome ny prognose for konsesjonskraftinntekter for 2025. Dette gir at kommune i 2025 skal få 19,2 mill. utbetalt. I tillegg kjem at sluttoppgjer for 2024, som blei utbetalt i juni gav kr 541.000 meir enn budsjett. I sum gir dette at budsjett for konsesjonskraftinntekter kan bli auka med kr 3.039.000.

Effekt av sentralt lønsoppgjer er nå berekna. Lokale lønsforhandlingar er i all hovudsak avslutta og effekt berekna. Avsett sum til å ta høgde for lønsforhandlingar (sentralt og lokalt) var 2,8 mill. Når resultatet nå er nærast avklart er det grunnlag for å redusere denne posten med kr 600.000.

Det er i budsjettet avsett 0,7 mill. til gjennomføring av omtaksering i høve til eigedomsskatt. Etter tidsplan vil alt arbeid knyt til dette vere gjennomført før årsskifte. For taksering av av kraftliner er det inngått avtale med eit eksternt firma. For taksering av eigedomar (ca. 3.500 eigedomar) er det engasjert inn 5 lokale med bygningsfagelg bakgrunn. Det er og kome til utgifter ved at program for eigedomsskatt måtte bytast ut til ny versjon. I tillegg kjem at plankontoret vil gjøre ein betydeleg innsats i høve til registrering i matrikkel m.m. Dei tenester plankontoret gjer må og kjøpast pga. samarbeid med Kviteseid. Det blir eit usikkert anslag, men truleg må sum til taksering aukast til 1 mill., dvs. opp med kr 300.000.

Utgifter til felles IT-drift blei styrka i 1. tertial. Men det er og behov for styrking ved denne gjennomgangen. Dette på bakgrunn av kostnader til Aspit i ein overgangsperiode, styrka innsats i høve til datatryggleik. I tillegg kjem at utgifter til Microsoftlisensar blir høgare enn kva ein la til grunn i 1. tertial. I sum blir dette stipulert til ei meirutgift på kr 450.000

Kommunen har frå i 2025 bytta bedriftshelseteneste etter ein anbudsrunde. Årskostnaden til BHT aukar med kr 66.000 i året. Det er innført eit kompetanseutviklingsverktøy for heile kommunen (Merkompetanse). Dette til ein kostnad av kr 76.000. Revisjonen har stilt spørsmål om driftsforma kommunen har valt i høve til Fjoneferja gir grunnlag for mva-refusjon. For å få avklart dette var det behov for juridisk bistand. Dette til ein kostnad på kr 36.000. Ei stilling på fellestenesta vil vere delvis vakant frå september og ut året. Dette gir ei innsparing i lønsmidlar på om lag kr 100.000.

Det blir nå i eit felles-prosjekt i Vest Telemark arbeidd med innføring av eit nytt program: «Samsvar». I dette ligg både ny arkivplan, som har vore etterspurd lenge og påkrevd oversikt på datalagring. Implementering av dette vil koste om lag kr 100.000 og vil høgst truleg kome før nyttår. Auke i årlege driftskostnader vil vere ganske beskjedne då denne innføringa gir grunnlag for å avvikle andre løysingar som har årlege lisensar.

3.4 Eining for oppvekst og kultur

3.4.1 Heile eininga

Eining for oppvekst og kultur består av barnehage, grunnskule, SFO, integreringstenesta (*Tidl. Kalla vaksenopplæring og flyktningstenesta*) og kultur. Koordinering av folkehelsearbeid er lagt til eininga, men heile tenesteapparatet i Nissedal kommune har ansvar for å fremje folkehelse.

Budsjettramme heile eininga: kr 66 790 000. Årsverk heile eininga: Omlag 80, inkludert prosjektstilling bibliotek.

Leiinga har ein sentral administrasjon med kommunalsjef og pedagogisk konsulent i 100% stilling kvar. Logopedstillinga i kommunen på 27% og spesialpedagog for barnehagane i 100% ligg også her. Frå 2025 ligg også kommunen sin pedagogisk psykologisk rådgjevar (PPT) i 100% her. Budsjettramme administrasjon: kr. 5 395 000.

Felles loverk:

- FN sin barnekonvensjon
- Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og fritidsordninger

Felles planar for eininga:

- Kva gjer me når me er bekymra for eit barn (Modellkommuneplanen)
- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»
- Overordna oppvekstplan i Vest-Telemark «Vegen mot livsmeistring!»

Felles mål for heile eininga

- Gode tilbod for barn og unge i Nissedal kommune, dag og kveld. (4.1.6)
- Arbeide aktivt for å avdekke barn og unge som lever under urovekkjande forhold. (4.1.7)
- Fokus på livsmeistring og trivsel (4.1.1)
- Fokus på trivsel i ungdomsåra, og at det er attraktivt å flytte heim att (4.1.1)
- Fokus på folkehelse (4.1.1)
- Samskaping (4.1.4)
- Mangfald og likestilling (4.1.7, 4.1.8)

Fokusområde i planperioden 2025-2028

- Hjernevenleg oppvekst! Alle som arbeidar med barn og unge i Nissedal kommune skal få ei forståing av nevrosekvensuell metode og kva det betyr for oss i dagens samfunn.
- Ferdigstille lokal oppvekstplan i takt med Absolutt-programmet, og implementere lokal og overordna oppvekstplan for alle som arbeidar med barn og unge i kommunen
- Markere verdsdagen for psykisk helse i samarbeid med psykisk helse og andre aktuelle tenester i kommunen og fylkeskommunen.
- Arbeide for å få folkehelse inn i alle ledd i den kommunale forvaltninga
- Arbeide med foreldre og barn/elevlar om nettvett og nettopplysing
- Arbeide med språkbruket blant barn og unge som stadig blir tøffare og i yngre alder.
- Løfte leiarane våre som gode, trygge leiarar. Utvikling av leiingskompetanse.
- Gode arbeidsmiljø! Kvar avdeling har minimum eit trivselstiltak for dei tilsette årleg.
- Medvitne om CRPD "Convention on the Rights of Persons with Disabilities"/FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne, for å utelukke diskriminering.

Tiltak for heile eininga

- Inkluderande oppvekstmiljø på tvers av einingar og avdelingar, til det beste for våre barn og ungdom. Regnbogeflagget vaier i heile juni månad for å markere Nissedal kommune som eit inkluderande samfunn.
Gjennomført
- Oppfølging av medarbeidartilfredshetundersøkinga; 10-faktor
Gjennomført i leiargruppa og er i fokus
- Utvikle gode barnets beste vurderingar i alle saker, jf. Barnekonvensjonen art.
Mal er utarbeidd og blir brukt
- Utvikle gode rutiner på barns rett til å bli høyrd, jf. Barnekonvensjonen art. 12
Ligger inne i mal for barns beste vurderinger
- Ferdigstille lokal oppvekstplan for Nissedal kommune i samarbeid med KS/KS konsulent
Ferdig og vedteke av kommunestyret i juni
- Ferdigstille med system for internkontroll
Under arbeid, mange rutiner og prosedyrer ligg nå i Compilo. MERkompetanse er og ein del av internkontroll.
- Arrangere folkehelsesamling våren 2025
Utgår i 2025 grunna arbeid med ferdigstilling folkehelseplan
- Ferdigstille folkehelseplan
Under arbeid. Gjennomført stort tverrfagleg møte i mai med innhenting av innspel.
- Kompetanseløftet i regi av Udir, i samarbeid med læringsmiljøsenderet (UiS)
Blir arbeidd med av heile eininga og helse

- Samarbeid med eining for Velferd:
 - Implementere lokal og overordna oppvekstplan
 - Felles leiarmøte med fokus på leiarutvikling og beredskap
 - Samarbeide om barnekoordinator
 - Samarbeide om SLT-koordinator
- **Ikkje starta**
- Kommunalsjef og rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskolen gjennomfører rettleiingsgrupper for hjernevenleg oppvekst med fokus på refleksjon og rettleiing (NMRS). Ei djupare forståing av fysiologien bak uregulerte barn (og vaksne) er målet.
- **Ikkje starta**
- Starte opp eigen pedagogisk psykologisk teneste (PPT) for våre barn, unge og vaksne. Tenesta må bli bygd opp som ein sterk og uavhengig teneste som kan utgreie saker på bakgrunn av grundige observasjonar, kunnskap og testing. Etablere samarbeidsavtale med ein eller fleire
- **Etablert**
- Etablere ei tverrfagleg gruppe av sentrale aktørar i «laget kring barnet» som skal ha jamne møtepunkt gjennom året. Aktuelle aktørar er: PPT, TPO-koordinatorar i skule, spesialpedagog i barnehage og skulehelsetenesta.
- **Etablert og har hatt 3 møte innan rapportering på 2. tertial. Det er sett opp 4 møte årleg.**
- Dersom det ikkje kjem tilskot frå BUF-dir. i høve til ungdomslos blir det lagt fram sak der funksjonen blir evaluert og vurdert om den skal vidareførast i kommunal regi.
- **Tilskotet har kome og ungdomslos held fram 3 år til!**
- Det blir valt ein politisk representant inn i ungdomsrådet, på lik line med andre råd.
- **Magne Haugsjå vald inn for våren 2025.**

Endringar i planperioden

3.4.2 Grunnskule og SFO

Nissedal kommune har to barneskular og ein ungdomsskule. Kyrkjebygda oppvekstsenter ligg i Kyrkjebygda og Tveit skule ligg i Treungen. Desse to skulane er 1-7 skular, der Kyrkjebygda er ein tredelt skule og Tveit er ein fulldelt skule. Nissedal ungdomsskule er felles og ligg i Treungen. Tveit skule og Nissedal ungdomsskule har felles administrasjon og rektor. Ved begge skulane er det SFO, samt 2 SFO-avdelingar på Felle og Fjone. Kvar skule er leia av ein rektor. Kommunalsjef for oppvekst og kultur er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte, samt gjennom nasjonale og regionale føringar og samarbeid. Kvar vår blir det lagt fram tilstandsrapport for føregåande skuleår for kommunestyret. Denne blir deretter sendt til Statsforvaltaren.

Prognose elevtal planperiode

Basert på tal frå skuleadministrativt system og helsesjukalear 23.10.24

| Skule | 2024-2025 | 2025-2026 | 2026-2027 | 2027-2028 | 2028-2029 |
|---|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. skule 1.-7. klasse | 24 | 23 | 19 | 19 | 18 |
| Tveit skule, småskulen 1.-4. klasse | 55 | 50 | 45 | 41 | 37 |
| Tveit skule, mellomsteget 5.-7. klasse | 44 | 44 | 45 | 42 | 44 |
| Nissedal ungdomsskule 8.-10. klasse | 60 | 54 | 56 | 56 | 56 |
| Elevtal totalt i kommunen | 183 | 171 | 165 | 158 | 155 |

Det er totalt omlag 42 årsverk i skule og SFO.

Skule og SFO har ei budsjetttramme på 33 361 000 kr

Ein anslår foreldrebetaling i SFO i 2023 til om lag 190 000 kr.

Lovverk:

- Opplæringslova med forskrifter
- Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 «Fagfornyninga» (LK20)
- Rammeplan for SFO

Planar:

- Plan for overgangar «Frå eldst til yngst»
- Plan for skule-heimsamarbeid
- Leseplan
- Plan for Vurdering som læring
- Forskrift til ordensreglement
- Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»
- Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
- Modellkommuneplanen
- Trafikksikker skule

Prosjekt

- MOT
- Aktiv365
- «Liv og røre»
- «Rusfritt, robust og rettferdig»
- «Sterk og klar»
- «Dysleksivennleg skule»
- «Ungt Entreprenørskap»
- «Ungdomslosen»
- «Dekomp»
- Samarbeid med politiet
- «Lytteven»
- Skulebibliotekprosjekt

Mål for tenestene

- Nissedalsskulen skal ha eit godt læringsmiljø og vere ein stad der barn og unge trivst (4.1.1, 4.1.7)
- Nissedalsskulen har folkehelse og livsmeistring i fokus (4.1.1)
- Tilpassa opplæring innanfor fellesskapet er ein del av det ordinære opplæringstilbodet (4.1.6)
- Tidleg innsats, både fagleg og sosialt, blir prioritert (4.1.1)
- Opplæringa i Nissedal kommune skal vere av høg kvalitet, utviklingsorientert og i tråd med nasjonale føringar og lokale forventningar (4.1.6)
- Vi er gode samarbeidspartnarar med foreldre og tenester som PPT, barnevern og skulehelsetenesta (4.1.8)
- Vi arbeidar stadig for å sikre god brukarmedverknad (4.1.8)

Fokusområde i planperioden 2025-2028

- Arbeide aktivt for enda større grad av elevmedverknad i skulekvardagen som er i tråd med den nye opplæringslova.
- Jobbe for eit tettare samarbeid med fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane om å auke elevane sine føresetnadar for å lukkast i vidaregåande skule.
- Sette miljø og klima på dagsordenen: Starte opp arbeidet med å blir sertifisert som Miljøfyrtårn når ein flyttar attende til renoverte skulebygg ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule hausten 2025.
- Ha kontinuerleg fokus på eit godt foreldresamarbeid, gjennom "Plan for heim-skulesamarbeid"
- Nytte det kommunale Barne- og ungdomsteamet godt til å drøfte utfordrande saker og problemstillingar, samt strategisk tenking i forebyggingsarbeid
- Arbeide kontinuerleg for at Dekomp tek utgangspunkt i lokale behov og evaluere deltaking
- Arbeide for eit engasjert og aktivt ungdomsråd
- Delta i ulike regionale samarbeid i Vest-Telemark, t.d. rettleiingsnettverk, kompetanseløftet og dekomp.

Tiltak

- Vere ein aktiv deltakar i arbeidet med å planlegge og gjennomføre renovering og utbetring av skulebygga ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule.
Gjennomført og skulen er klar og blei teke i bruk 1. skuledag hausten 2025 som planlagt.
- Ta i bruk kartlegginga av -trafikktryggleiken kring småskulen og vegen opp til ungdomsskule/fleirbrukshuset i det vidare arbeidet med å utbetre Tveit skule/Nissedal ungdomsskule.
Gjort
- Sørge for tilfredsstillande skuledrift ved mellombelse løysingar i byggeperiode.
Utført og har gått veldig bra
- Førebu tilbakeflytting til utbeta skulebygg ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule hausten 2025 i samarbeid med Teknisk avdeling.
Gjennomført
- Implementere lokal oppvekstplan når den ligg føre.
Lokal oppvekstplan blei vedteke juni 2025 og implementeringsarbeidet startar hausten 2025
- Halde fram med implementeringa av ny opplæringslov som blei teke i bruk august 2024.
Gjort
- Halde fram med prosjektet «Ungdomslosen», for å førebygge fråfall i vidaregåande skule, viss ein får innvilga prosjektmidlar frå Bufdir. Søknad for tre nye år blei sendt Bufdir oktober 2024.
Innvilga
- Utgreie høve til å ta i mot flyktningar ved Kyrkjebygda oppvekstsenter i samarbeid med integreringstenesta
Punktet er drøfta i ressursgruppe for flyktningar og i møte mellom integreringskoordinatorer, styrar og rektor ved oppvekstsenteret og kommunalsjef.

Kyrkjebygda oppvekstsenter ønskjer å bidra i verdensbilde. Dei har svært gode erfaringar med flyktningar på oppvekstsenteret, og godt samarbeid mellom barnehage og skule. Dei har fått gode faglege resultat i denne elevgruppa. Stor motivasjon i personalet for å ta imot elevar med anna språkbakgrunn. Vil vere avhengig av ein morsmålsressurs, men utover det har dei gode rutiner for å ta imot. Avhjelpe trykket i kommunen. Lykkes i språkpraksis og overgang til vikariat blant dei vaksne. Kyrkjebygda oppvekstsenter seier at dei står klare som ein god ressurs, men ikkje for ein kvar pris. Det må passe inn i heile bilde for tenesten. Både integreringstenesta og oppvekstsenteret er opne for å finne løysingar og ha ei løpende vurdering.

Ukrainere må så raskt ut i jobb, og har eit kort introduksjonsprogram. Både mor og far skal ut i arbeid. Ingen flyktningfamiliar til nå som har to førarkort og to biler. Logistikken gjer det vanskeleg. Blir ei stor utgift for kommunen (via Nav sitt budsjett) når dei ikkje kjem seg ut i arbeid. Samtidig blir belastninga større på integreringstenesta, då mykje tid går til å hente og bringe. Dette ser vi nå med ein familie som er busett utanfor sentrum.

På direkte spørsmål til flyktningane sjølv, uttrykker dei at dei ikkje vil vere nøgde med plassering utanfor sentrum, og ville då ønskje å flytte frå kommunen om det var einaste alternativ.

Ressursgruppemøte

Tilbakemeldinga i ressurssgruppa for flyktningarbeid variere mellom å ikkje ønskje busetting utanfor sentrum (gangavstand til tenestene) og å vurdere busetting i Kyrkjebygda dersom det er fullt i Treungen barnehage, framfor å si nei. Det vil vere eit politisk spørsmål, som også har økonomiske vurderingar ved seg.

- Aktiv arbeide for at Fylket tek ein større del av skysskostnadane

Under arbeid

- Kartlegge og eventuelt utbetre manglar og feil ved fastmontert utstyr i gymsalen ved Kyrkjebygda oppvekstsenter

Delvis gjennomført gjennom midlar frå «Liv og røre»

- Prosjektere og utbetre delar av uteområdet ved Kyrkjebygda oppvekstsenter.

Smått starta arbeid i FAU med å planlegge

- Oppgradere PC-parken til elevane ved Kyrkjebygda oppvekstsenter.

Påbegynt

- Gjere ferdig og ta i bruk risikoanalyse og tiltaksplan for å førebygge vald og truslar om vald mot tilsette i Nissedalsskulen.

Utført

- Få privat næringsliv og kommunale tenesteområde delaktige i fag for utdanningsval for å synleggjere jobbmuligheter.

Er i gang. Samarbeid med Olav Kiland og lokalt næringsliv. Yrkesdag er planlagt.

3.4.3 Barnehage

Nissedal kommune har ein desentralisert barnehagestruktur med barnehage tilbud i Treungen, Kyrkjebygda, Felle og Fjone. Kvar barnehage er leia av ein styrar. Felle og Fjone barnehage har ein felles styrar. Einingsleiar for oppvekst og kultur er barnehagefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles styrarsamlingar, samt gjennom nasjonale og regionale føringar og samarbeid. Pedagogisk konsulent har rolla som barnehagemynd, med ansvar for tilsyn av barnehagane.

Prognose barnetal og kapasitet

2024-2025 Status per 31.01.25 basert på tal i Visma Flyt Barnehage

| Barnehage | Godkjent for (Tal på plasser)* | Barn med plass i barnehage | Av desse, barn under 3 år | Totalt brukt barnehageplasser |
|--|--------------------------------|----------------------------|---------------------------|-------------------------------|
| Treungen barnehage | 60 | 25 | 9 | 34 |
| Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. barnehage | 32 | 10 | 4 | 14 |
| Fjone barnehage | 20 | 13 | 4 | 17 |
| Felle barnehage | 20 | 8 | 5 | 13 |
| Totalt tal på barn med barnehageplass per 31.01.25 | | 56 | | |

2025-2026

For barnehage kan vi berre lage prognose eit år fram i tid, av den naturlege årsaka at barna ikkje er fødde enda. Basert på tal frå helsestasjonen 23.10.24 har vi denne prognosa for barnetal i dei ulike barnehagane:

| Barnehage | Godkjent for (Tal på plasser)* | Barn i barnehagealder i krinsen | Av desse, barn under 3 år | Totalt brukt barnehageplasser |
|--|--------------------------------|---------------------------------|---------------------------|-------------------------------|
| Treungen barnehage | 60 | 23 | 11 | 34 |
| Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. barnehage | 32 | 12 | 6 | 18 |
| Fjone barnehage | 20 | 7 | 3 | 10 |
| Felle barnehage | 20 | 6 | 5 | 11 |
| Totalt tal på barn i barnehagealder | | 48 | | |

**Alle barnehagane i kommunen har god arealmessig kapasitet. Dersom ein kjem over barnetal på bemanningsnorm, vil ein ofte justere dette internt i kommunen. Likevel er det viktig å kjenne til at eit barn utover norm vil utløyse ei heil pedagogstilling. Barn under 3 år tel to barnehageplassar fram august det året dei fyller 3 år.*

Det er totalt om lag 24 årsverk i barnehagane. Total budsjetttramme er på 13 550 000 kr. Foreldrebetaling er anslått til omlag 800 000 kroner i inntekt i 2025.

Lovverk:

- Barnehagelova med forskrifter
- Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver

Planar:

- Barnehagevise årsplanar
- Plan for overgangar «Frå eldst til yngst»
- Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
- Plan for tilsyn med barnehagane i Nissedal kommune
- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»

Mål for tenestene

- Eit godt og inkluderande barnehagemiljø (4.1.7)
- Sikre full barnehagedekning (4.1.6)
- Kontinuerleg kompetanseutvikling for dei tilsette for å sikre god kvalitet på det pedagogiske innhaldet i barnehagane (4.1.6)
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak gjennom tidleg innsats (4.1.6)

Fokusområde i planperioden 2025-2028

- Vårt pedagogiske grunnsyn er «Det viktigaste er å få leike».
- Aktive brukarar av ulike reguleringsverktøy og –aktiviteter.
- Vi syter for gode overgangar mellom barnehage og skule gjennom bruk av «Plan for overgangar – frå eldst til yngst»
- Delta i ulike regionale samarbeid i Vest-Telemark, t.d. rettleiingsnettverk, kompetanseløftet og rekomp.

Tiltak

- Revidere IKT satsingsplan for barnehagane
Skjer hausten 25
- Arbeide med å lukke avvik etter tilsyn med statsforvaltaren for barnehagemynde
Utført og tilsynet er lukka!
- COSP-tilbod til alle 2-åringane i kommunen, og elles ved behov.
Kontinuerleg
- Ved utsett skulestart skal det gis gratis barnehage.
Ok
- Det bør oppnemnast politisk representant i SU på Fjone, Felle og Treungen barnehage.
Victoria Meberg Olsen er vald for Felle- og Treungen barnehagar. Natalie Zernichow Bråthen er vald for Fjone barnehage.

3.4.4 Kultur

Kultur har eit vidt tenestespekter, sjølv om dei ulike tenestane er små. Tenestane er musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturarrangement og –administrasjon, fritidsklubben, kino og offentleg symjing. Kultursjefen er leiar av desse tenestane, samt flyktingtenesta som er beskrive i eige avsnitt.

Det er totalt i underkant av 4 årsverk i kultur. Total budsjettramme er på 3 785 000 kr.

Ein stipulerer inntekter i 2025 til 150 000 kr.

Lovverk:

- Kulturlova
- Lov om folkebibliotek
- Folkehelselova

Planar:

- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»
- Plan for den kulturelle skulesekken lokalt, i Nissedal kommune
- Skulebibliotekplan for Nissedal
- Plan for idrett og friluftsliv i Nissedal kommune

Mål for tenestene

- Kulturtenestene skal gje ei kjensle av meistring og skape eit inkluderande miljø, der målsettinga er at innbyggjarane har ein felles forståing av at kommunen er ein god stad å leve (4.1.1, 4.1.2, 4.1.7)
- Ha eit godt samarbeid med lag og organisasjonar i kommunen (4.1.2, 4.1.8)
- Ha fokus på at tenestene vi gjer skal ha grunnfeste i folkehelsearbeid, som går på fysisk aktivitet, god psykisk helse og eit inkluderande miljø for alle (4.1.1)

Fokusområde i planperioden 2024-2027

- Kulturskulen har fokus på den enkelte elev, og skal ha fokus på meistring og utvikling av kreative evner. Kulturskulen skal vere ein inkluderande arena med undervisning tilpassa den enkelte elev. Det skal gjennomførast 2-3 konsertar pr år.
- Ungdomsklubben skal ha fokus på eit inkluderande rusfritt miljø, der alle kan finne sin plass, og ha meistring på å vere i ein sosial setting gjennom ulike typar aktivitet. Ungdomsklubben samarbeider tett med skule og helse, og deltek aktivt som ein samarbeidande part i arrangement og tiltak i prosjekt Ung i Nissedal.
- Biblioteket skal vere ein arena for inkludering for alle og formidling av litteratur i alle former. Det skal vere fokus på alle aldersgruppe, men særskilt på born, ungdom og eldre.
- Biblioteket skal vere ein arena for samskaping, og ein arena for aktivitet.

Tiltak

- I 2025 skal ein særleg samarbeide med prosjekt Binders, og bruke biblioteket aktivt som ein møteplass for born og ungdom.
Grunna bygging var dette utsatt til hausten . Biblioteket er nå tilrettelagt med ein flott ungdomskrok. Vi legger til rette for at dette skal vere ein god møteplass for ungdom.
- Biblioteket har satsing på skulebibliotek gjennom søkte midlar frå Udir. Skulebiblioteket vil vere styrka med 30% stilling i ekstern finansiering med fokus på tiltak som gjev leseglede til alle elevar, og i alle fag.
Biblioteket tilbyr bokkasser, formidling, hjelp til lån og samarbeid om leseprosjekt for å stimulere til auka leselyst.
- 1. juni skal markerast på alle skular og i barnehagar med DKS – arrangement for å markere og sette fokus på homofiles rettar gjennom ulike framsyningar. Dagen skal og markere toleranse, ytringsfridom, aksept og inkludering av alle menneske. Kultursjefen har det overordna ansvaret for markering og heising av regnbogeflagg på flaggstenger på skulane, barnehagar og på kommunehuset. Flaggget heng på kommunehuset, Tveit skule og Kyrkjebygda skule frå 1. til 30. juni som eit symbol på at Nissedal kommune er inkluderande for alle, uavhengig av seksuell legning, religion eller etnisitet.
Blei gjennomført 13. juni.
- Ferdigstille Plan for idrett og friluftsliv i 2025.
I gang
- Søke finansiering og prøve å realisere og arrangere spelet «Nissedal til alle tider» av Kjell Åsen i samarbeid med Nissedalskoret i samband med jubileumsåret 2025, som markerer at det er 200 år sidan den første organiserte utvandringa frå Noreg til Amerika fann stad.
Vedteke og fått 100 000 kr av kommunestyret. Dato for gjennomføring er laurdag 25.10.
- Nissedal kommune kan gje eit kulturstipend eller idrettsstipend på kr 10.000 ein gong pr. år. Stipendet skal gå til utøvarar som gjer ein innsats utover det vanlege innan sitt område eller som hevdar seg på regionalt eller nasjonalt nivå. Intensjonen med tildelinga er å gi ein stimulans til vidare satsing. Kandidatane skal vere mellom 15 og 25 år. Alle innbyggjarar i Nissedal har høve til å foreslå kandidatar. Kandidatar kan også sjølv sende inn grunngjevne søknader. Søknadsfrist er 15. april. Formannskapet vurderer om stipendet skal delast ut. Midlane vert teke av pott for kulturmidlar.
Ingen søkjarar i første utlysing. Blir lyst ut på nytt i haust.

3.4.5 Integreringstenesta

Pedagogisk konsulent i eininga er leiar for integreringstenesta. Det er til saman 4,3 årsverk i avdelinga, utanom leiar. Leiar ligg budsjettmessig plassert under felles administrasjon.

Budsjettramma er for 2025 på 7 177 000 kr, men er eit budsjett i stadig endring ved nye busettingar.

Vaksenopplæring:

Vaksenopplæringa er i Treungen og leiger lokale i 2. etasje på Prixbygget. Vaksenopplæringa gir gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap til dei som i fylgje integreringslova har rett eller plikt til det. Dette gjeld stort sett flyktningar.

Elevar som ikkje har rett på gratis norskopplæring, får tilbod om undervisning mot betaling, dersom det er kapasitet til dette.

Det vert gjeve undervisning til vaksne etter opplæringslova § 4A.2: *Rett til spesialundervisning på grunnskolenes område*. Undervisninga foregår på Mila.

Vaksenopplæringa har plikt til å gi *Opplæring til vaksne med behov for alternativ og supplerende kommunikasjon(ASK)* ved behov (opplæringslova § 4A-13)

Vaksenopplæring koordinere kjøp av plasser hos nabokommuner til grunnskuleopplæring for vaksne flyktningar, og elles anna samarbeid med kommunar kring liknande tilbod.

Det er budsjettetert med utgifter på omlag 1,2 millionar for å drifte vaksenopplæringa i 2023.

Vi reknar med å få 1,5 million i norsktilskott, så totalt sett kjem vaksenopplæringa i 2023 ut i pluss.

Lovverk:

- Opplæringslova med forskrifter

Fokusområde i planperioden 2024-2027

- Tett samarbeid med flyktingtenesta i utarbeiding av mål for den einskilde
- Samarbeid med PPT, Mila og Kåsa bu og avlastning kring elevar med vedtak etter Opplæringslova § 4A 1 og 2

Tiltak

- Utarbeide integreringsplan for deltakarar etter Integreringslova
Utført
- Elevar som ikkje har rett på gratis opplæring , kan få tilbod om undervisning mot betaling dersom det er kapasitet og økonomisk forsvarleg i forhold til elevtalet
Utført
- Arbeider aktivt for å bli prøvekommune
Utført
- Kople deltakarar opp mot Nissedal studiesenter
Godt i gang

Flyktingteneste:

Legge til rette for ei god integrering og gjere dei nye innbyggjarane så sjølvhjelpne som mogleg, så raskt som mogleg. Dette må gjerast gjennom god planlegging og godt samarbeid mellom dei ulike tenesteytingane i kommunen, samt god dialog med lokalsamfunnet. Flyktingane sine styrkar og ressursar skal leggast vekt på. I opparbeiding av Flyktingtenesta tek vi med oss konklusjonane som blei gjort i evalueringsarbeidet etter førre busettingspriode.

Lowverk:

- Utlendingslova
- Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid

Tiltak

- Tett samarbeid med vaksenopplæringa i utarbeiding av mål for den einskilde
Utført
- Jobbe målretta mot arbeid eller utdanning etter endt introduksjonsprogram for dei vaksne
Kontinuerleg
- Som busettingskommune har vi god dialog med IMDi
Kontinuerleg
- Eininga arbeidar saman for god integrering av barn og unge
Kontinuerleg
- Jobbe for integrering gjennom arbeid og fritidsaktivitet i lokalmiljøet
Kontinuerleg
- Revidere flyktingplanen (2023)
I gang

Kompetanseutvikling:

1 lærar på vaksenopplæringa – Norsk som 2. språk
1 lærar i Kyrkjebygda – Kunst og handverk
2 SFO tilsette i Kyrkjebygda – 40- timars kurs i spesialpedagogikk
2 tilsette i barnehage som tek fagbrev gjennom arbeid

Sjukefråvær:

I perioden januar – april 2025 var gjennomsnittet på sjukefråvær i eininga 7,78%. Korttidsfråværet er lågt, berre 1,32%. Det er langtidsfråvær som er høgt med 6,46%

Dette er eit høgare tal enn ønskt, men kan i stor grad forklarast ved at statistikken blir høg i små avdelingar med få tilsette. Ein sjukmeldt i ei lita avdeling utgjør i denne samanheng heile 40% sjukefråvær, og drar opp statistikken.

Vi blunder likevel ikkje for tala, og arbeidar målrett med nærvær og god oppfølging av sjukmeldte. Vi arbeidar aktivt med å halde våre tilsette i arbeid, og dei som blir sjukmeldte held vi tett til oss og arbeidsplassen. Alle sjukmeldte skal t.d. møte på personalmøte og liknande. Nokre har fått andre oppgåver å prøve ut.

Økonomivurderingar – Nye behov/utfordringar:

I 1. tertial blei det gjort styrkingar av ressursinnsats både på skule og barnehage. Dette dels på bakgrunn av auke i barnetal og auka behov for individuelt tilrettelagt opplæring. Ved ein feil blei ikkje dei behov som blei signalisert frå eininga fullt ut ikkje innarbeidd i vedtak av rapport for 1. tertial. Dette utgjorde kr 950.000.

I tillegg kjem at ein nå ser at kostnad/behov er høgare enn kva ein la til grunn i 1. tertial. På Felle er barnetalet nå auka slik at det bemanningsnorm utløyser behov for ei ny pedagogstilling. I tillegg kjem oppdekking av styrarressurs på bakgrunn av rettleiar for tilstrekkeleg bemanning i barnehage. I sum utgjør dette ein auke i kostnad for hausthalvåret på kr 512.000.

Utslag av skjerpa krav til bemanningsnorm gir og utslag i Treungen barnehage, men ikkje i same omfang. Her utgjør det ein auke i kostnad på kr 185.000. I dette talet ligg og redusert foreldrebetaling.

På Kyrkjebygda barnehage er det ei innsparing på kr 250.000 på bakgrunn av fråvær der det ikkje er leigd inn vikar.

SFO Kyrkjebygda har nedgang i inntekter på bakgrunn av auke i gratis kjernetid. Dette utgjør om lag kr 40.000.

I k-sak 1/24 (Mellombels skulebygg i ombyggingsperioden) går det fram at skuleskyss vil få ein ekstrakostnad på kr 285.000 for delt med kr 119.000 i 2024 og kr 166.000 i 2025. Rekning kom samla for heile skuleåret 24/25 i juni. Dette gir ei budsjettutfordring i høve til den delen av rekninga som gjeld 2024. I tillegg blei rekninga høgare enn det som var signalisert. Men her har ein tatt opp ein dialog og bestrider delar av rekninga. Men det er ikkje usannsynleg at ein vil få ein meirutgift i høve til budsjett på kr 400.000.

3.5 Eining for velferd

5.5.1 Heile eininga

Eining for velferd har ansvar for tenesteområda legetenester, psykiske helsetenester, helsestasjon, jordmor, fysioterapeut, institusjonstenestar, heimebaserte tenester, tenestekontor og tenesta for funksjonshemma

Budsjettramme heile eininga: om lag 63,3 mill.

Årsverk heile eininga: om lag 78,5 fordelt på 125 tilsette og i tillegg kjem ein del vikarar samt prosjektstillingar.

Felles mål for heile eininga

- Ha fokus på leiarutvikling og struktur
- Arbeide for heiltidskultur og ha fokus på å redusere uønskt deltid i eininga
- Få ei fellesskap-kjensle i eininga som mogleggjer meir samarbeid på tvers av avdelingane og som skapar samhald og kjennskap.
- Følgje med på anbefalingar om tenesteutvikling og utvikle tenestene i tråd med det andre kommunar gjer og samfunnet elles. (4.1.4)
- Omsette motteke tilskotsmidlar til planar om utvikling og kursending for tenestene.
- Få til ein kultur for kvalitetsforbetring i heile eininga
- Eininga skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Eininga gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheims plassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.(4.1.6)
- Eininga utviklar forsvarlege heimebaserte tenester, slik at pasientar som treng omsorgstenester i hovudsak får tilbod om det i eigen heim. (4.1.7)
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.(4.1.1)
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem. (4.1.8.)
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.(4.3.4), (4.1.6)

Fokusområder for eininga i planperioden 2025-2028

- Vidareutvikle demenstilbodet i Nissedal kommune
- Innføre mestringsstrategien som eit verktøy, både i kartlegging og tjenesteytinga
- Ha fokus på tverrfaglighet for å utvikle tenestane
- Utreie kollektivt eierskap til den nye reformen « Bu trygt heime» ut frå dei 4 innsatsområda
- Målretta HMS arbeid med fokus på sjukefråvær
- Kompetanseplan
- Løfte leiarane våre som gode, trygge leiarar. Utvikling av leiingskompetanse
- Arrangere og markere verdsgdagen for psykisk helse saman med andre einingar og samarbeidspartnar
- Samarbeid med eining for oppvekst og kultur:
 - Felles leiarmøte med fokus på leiarutvikling og beredskap
 - Samarbeide om barnekoordinator
 - Samarbeide om SLT-koordinator
- Sikre brukar – og pårørande medverking
- Vere ein attraktiv arbeidsplass som klarer å behalde og rekruttere dei rette ressursane
- Utvikle gode fagmiljø gjennom kompetansehevande tiltak, slik at me gjer tenester av god kvalitet

Felles tiltak for heile eininga

- Implementere Gode pasientforløp for å sikre helhetlige , planlagte og koordinerte tenesteforløp
Påbegynt men arbeidet har av ulike årsakar stoppa litt opp. Ein er avhengig av ei brei tverrfagleg gruppe som jobbar med dette og det må avsettast tid til det. Behandlingsplanar og behandlingssvklarung er framleis fokus i gode pasientforløp her i Nissedal og andre elementer, som ulike sjekksiter, vil bli implementert seinare.
- Ha fokus på fagutvikling og kompetanseheving i heile eininga
Målretta innsats etter at ein la fagutviklar til turnuskoordinatorstillinga frå januar 25.
- Fortsette med utvikling av Compilo som kvalitet og avvikshandteringssystem.
Påbegynt. Fleire rutinar og prosedyrar er utarbeida og leggast inn. Ein tenker at ein au vil legge ulike avtalar inn, slik at tilsette ikkje har for mange stadar å forholde seg til.
- Lage ein demensplan for Nissedal kommune 2025-2028
Ikkje påbegynt
- Tilby pårørandeskule
Tilbod i haust i samarbeid med Drangedal kommune.
- Vidareutvikle dagtilbod til heimebuande personar med ein demens sjukdom
Ein held på med å kartlegge og planlegge for å kunne tilby ulike dagsenter tilbod. Dei som er ramma av demenssjukdom og deira pårørande er ikkje ei einarta gruppe og det er viktig kommunen kan tilby ulikt innhald i dagsentertilbodet, slik at fleire vil ta imot dette tilbodet. Me opplev i dag at terskelen for å ta imot dette tilbodet er stort og ein bøyg for mange. Ein av årsakan kan vere at den aktuelle innbyggjar ikkje føler tilbodet passar for h*n. Der vil bli gjennomført infomasjonsmøte kring dette teamet i mai, der ein håpar på godt oppmøte og innspel til kva den det gjeld ynskjer.

- Vidareutvikle samarbeidet mellom demenskontakt og legekantoret
Held på. Samarbeid er etablert og legekantoret er viktig for at me skal lukkast med god demensomsorg i kommunen.
- Implementere retningslinjer for legemiddelhandtering
I gang. Eit stort og omfattande arbeid, då overordna legemiddelinstruks med tilhøyrande rutinar og prosedyrar skal implementerast i alle avdelingane. Fagutviklar saman med farmasøyt har hatt gjennomgang av instruks med sjukepleiarane og vernepleiarane i kommunen. Det gjenstår implementering av rutinar og prosedyrar, dette foregår fortløpande i kvar avdeling
- Fortsatt fokus på å etablere møtestruktur og møteplassar som sikrar meir samarbeid på tvers
Ein har godt samarbeid på tvers av einingane, kor fokus er den einskildes behov. Dette gjed sær innbyggjarar med samansette behov for koordinering. Felles leiarmøter på tvers av alle einingar og nivå har vore vellukka.
- Bli med på utviklingsarbeid saman med andre kommunar for tenesteutvikling t.d. Simuleringsprosjektet
Nissedal fylgjer simuleringsprosjektet og det simulerast på ulike fagområde i henhold til årshjulet. Me tilbyr i år målretta opplæring for ferievikarar gjennom prosjektet, dette vil sikre god kvalitet i opplæringa og viktig for å ivareta pasientsikkerheiten og gjere vikarane så godt rusta som mogleg. Det vil au avlaste leiarane og faste tilsette, då opplæringa foregår på simuleringscenteret i Seljord.
- Søke på tilskotsmidlar hos fylkesmannen og frå helsedirektoratet, som er nyttig for kompetanseheving og tenesteutvikling.
For 2025 er der søkt kompetansemidlar på 1,2 millionar hjå Statsforvaltar for heile 25 tilsette. Dette er både tilsette som tek kompetansehevande kurs / utdanningar, samt tilsette som skal ta fagbrev/ sjukepleieutdanning. Gledeleg at fleire tek kontakt og ynskjer ta utdanning innan helse og omsorg. Dette er personar som per i dag ikkje er tilsette og som har søkt høgare utdanning som til dømes vernepleie/sjukepleie. Ved tildeling fekk Nissedal 650.000 i kompetansemidlar for 2025, dette grunna stor pågang frå alle kommunar.
- Utarbeide ein velferdsteknologiplan som fylgjer opp den planlagde digitaliseringa av kommune Noreg. Planen må au innehalde Nissedal kommune si satsing på ulike velferdsteknologiske løysingar.
Ikkje påbegynt.
- Fylgje opp vedtak om kjøp av felles EPJ system for kommunane i Vestfold og Telemark, som er planlagt i perioden 2024-2026
Både kommunalsjefen og ein prosjektmedarbeidar fylgjer prosjektet, som nå er inne i siste fase med utforming av kravspesifikasjon.

- Omsorgsplanen rullerast innan 1. tertial 2025. Planen skal m.a. ta opp fylgjande moment:
 - Kreftkoordinator
 - Forløpskoordinator
 - Velferdsteknologikoordinator
 - Ergoterapeut
 - Palliativ behandling

Ikkje påbegynt, målet er at ein får rullert innan utgangen av 2. tertial. Fleire av momenta som skal takast opp er på plass og ein del av tenestetilbodet i kommunen (punkt 1,3,4 og 5)
- Utarbeide ein bustadsosial handlingsplan som leggst fram for kommunestyret seinast i juni 2025. Det vert sett ned eit bredt samansett utval for å jobbe med planen.

Planen er ferdig og kjem til politisk handsaming i oktober.

3.5.2 Institusjonsbaserte omsorgstenester

Nissedal Omsorgssenter (NOS) er kommunens tilbod til innbyggjarane når det gjeld institusjonstenester. NOS har 12 langtidsplassar. Somatisk avdeling har 6 plassar . Skjerma avdeling har 6 plassar for personar med demens. Plass tildelast etter eigne kriteria. Opphald i institusjon har individuelt vedtak, med målsetjing om behandling, aktivitet og det gode liv. Kjøkkenet høyrer au til under NOS

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus i avdelinga:

Lov om helse- og omsorgstenester

Pasient- og brukarrettigheits lova

Helsepersonellova

Norm for informasjonssikkerhet

Kvalitetsforskrifta for pleie og omsorg

Sjueheimsforskrifta

Demensplan 2015

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» 2018 – 2023 (Meld. St. 15 (2017–2018))

Institusjonstenesta har 19,6 årsverk og ei kostnadsramme på 18 mill. Største inntekter kjem frå pasientbetaling ved langtidsopphald, medan sal av middag til heimebuande og matsal frå kafeen og genererer noko inntekter

Mål for tenestene

- Sørge for at dei tilsette har optimale arbeidsforhold og større moglegheit for å kunne ivareta smittevern ved NOS
- Sikre forsvarlege tenester for pasientane og gode, trygge arbeidsforhold for tilsette
- Utvikle institusjonstenestane i tråd med utviklinga i samfunnet og i nært samarbeid med heimebaserte tenester.
- Ha store stillingstørrelsar som sikrar kontinuitet og moglegheit for god oppfølging av pasientane.
- Samarbeide med andre einingar, frivillige, lag og foreiningar, slik at ein skapar meir aktivitet på NOS

Tiltak

- Vere ein aktiv deltakar i ombygginga og finne gode mellombels løysingar i byggeperioden, både for bebuarane og for drift av kjøkkenet
Godt samarbeid og involvering av fleire partar under planlegging og oppstart av ombygginga, med oppstart .5.5. Ein har funne gode løysningar både for vaskeri og kjøkkendrift i byggeperioden, som ivartek bebuarar og brukarar av spesielt kjøkkentenestene. Mellombels drift av kjøkkenet har fått konsekvensar for brukarane på Mila, men takket være fleksibilitet og løysingsorienterte tilsette, har ein klart å lage ein god plan for drifta på Mila i byggeperioden.
- Evaluere og forbetre årsturnus, slik at ein syt for kvalitet og kontinuitet i tenesta. Arbeidet med årsturnus for 2026 er igong. Der har vore evaluering med tilsette og drøftingar med tillitsvalde og verneombod, kor HMS , sjukefråvær og langvaktar er områda som er evaluert.
- Arbeide systematisk med sjukefråværet med kartlegging, oppfølging og tiltak. Pågår. Arbeidsmiljøopplegget «ein bra dag på jobb» er gjennomført som eit ledd i å betre arbeidsmiljøet og auke jobbnærværet. Både NAV og bedriftshelsetenesta har bistått når det gjeld sjukefråvær og oppæring i vald og trugslar. Tiltaka som er utført har vore for tilsette på NOS (sjukeheimen).
- Følgje opp og lukke avvik frå Arbeidstilsynet innan HMS
Pågår.
- Fokus på utvikling Compilo som kvalitet og avvikshandteringssystem, tilpassa avdelinga
Ikkje påbegynt utover felles prosedyrar og rutinar som er lagt inn for heile eininga.
- Utarbeide en fagplan tilpassa kompetansebehovet i institusjon
Ikkje påbegynt.

5.5.3 Heimebaserte omsorgstenester

Heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og heimehjelp, samt kortidsavdelinga på NOS etter omorganiseringa. Etter vedtak gjevast det tenester i heimen slik at personar kan bu heime etter eige ønskje. Tenestene omfattar også utrykking og evt. oppfylging dersom tryggleiksalarmar vert utløyst.

Det er og aukande behov for tenester og blant heimebuande eldre under 80 år. Dette handlar om samhandlingsreforma og konsekvensen av den: at pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og kjem fortare heim.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan tenesta:

Lov om helse- og omsorgstenester

Pasient- og brukarrettighetslova

Helsepersonellova

Norm for informasjonssikkerhet

Kvalitetsforskrifta for pleie og omsorg

Demensplan 2015

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» 2018 – 2023 (Meld. St. 15 (2017–2018))

Heimetenesta har 18 årsverk og ei kostnadsramme på 12 mill. Korttidsopphald og praktisk bistand/heimehjelp genererer noko inntekter, medan avlastning er gratis.

Mål for tenestane:

- Flest mogleg av personar som treng omsorgstenester skal få hjelpa dei treng i eigen heim (4.1.6)
- Velferdsteknologi skal bli ein integrert del av heimetenestene. (4.1.4)
- Ha store stillingstørrelser som sikrar kontinuitet og moglegheit for god oppfølging av pasientane.
- Presise og gode korttidsopphald som sikrar at pasientane får den behandlinga og opptreninga som skal til for å kunne bu lengst mogleg i eigen bustad.

Tiltak

- Vidareføring av ressurs på 40% til implementering av velferdsteknologi for å lukkast med å dreie tenestene til meir heimebasert
Videreført. Ressursen er viktig med tanke på dei ulike digitaliseringsprosjekta og nasjonale innføringsløp som held på, som til dømes kjernejournal og digital heimeoppfølging.
- Utgreie mogelegheiter for innføring av annan teknologi, som roommate og digitale tilsyn. I tillegg bredde meir ut eksisterande teknologi
Ikkje påbegynt.
- Sette meir fokus på heilskaplege tenester og utvikle heimebaserte tenester
Der er fokus på tverrfagleg samarbeid, kor ulike faggrupper som lege, ergoterapeut, fysioterapeut og sjukepleiar gjer at ein får eit meir heilskapleg tenestemodell. Der held på eit prosjekt i Vestfold og Telemark kring heilskapleg tenestemodell men Nissedal fekk ikkje plass i denne omgang. Me fylgjer med for å sjå kva som kjem ut av prosjektet som me kan dra nytte av.
- Implementere tiltakspakke demens, som skal syte for ein strukturert og systematisk oppfølging av heimebuande personar med ei demens diagnose og deira pårørande.
Pågår
- Implementere Gode Pasientforløp etter deltaking i læringsnettverk
- **Påbegynt men arbeidet har av ulike årsakar stoppa litt opp. Ein er avhengig av ei brei tverrfagleg gruppe som jobbar med dette og det må avsettast tid til det. Behandlingsplanar og behandlingsvaklaring er framleis fokus i gode pasientforløp her i Nissedal og andre elementer, som ulike sjekklister, vil bli implementert seinare.**
- Lage fagplan ut frå kompetansebehov i avdelinga
Ikkje påbegynt
- Vidareutvikle korttidsavdelinga etter ny modell, der pasientane møter same personell på korttids-avdelinga som dei har når dei er heime
Fokus på tverrfagleg samarbeid for å lukkast med å rehabiliterer pasientane som kjem på korttidsopphald samt tilrettelagte bustadar, slik at dei kan heim så snart det er fagleg forsvarleg og trygt. Pasientane møter dei same pleiarane, då tilsette rullerer på å vere både ute og inne. Ein må jobbe vidare med å sikre gode rutinar for oppfølging av fastsette mål for opphaldet.
- Følgje opp og lukke avvik frå Arbeidstilsynet innan HMS
Pågår

3.5.4 Helsetenester:

Helseavdelinga held til i Treungen sentrum, og er lokalisert i same bygg som kommuneadministrasjonen og teknisk avdeling. Helseavdelinga omfattar legekontoret, jordmor, fysioterapi, helsestasjon og psykisk helse, samt Mila aktivitetssenter.

Helseavdelinga har 11,35 årsverk og ei budsjetttramme på 12,7 mill. I tillegg har avdelinga 2,1 års verk i prosjektstillingar.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan tenestene:

Lov om helse- og omsorgstenester
Pasient- og brukarrettighetslova
Helsepersonellova,
Folkehelselova
Lov om smittevern
Opptrappingsplan psykisk helse og rus

Mål for tenestene:

- Utvikle tenestene i tråd med anbefalingar frå helsedirektoratet og elles trendar i samfunnet.
- Vektlegge helsefremmande og førebyggjande tenester. Dette gjeld og skulehelseteneste og helsestasjonsteneste.
- Ha svangerskaps- og barselomsorgstenester på eit nivå som imøtekjem brukane sine behov.
- Ha ei tilfredsstillande akuttberedskap m.o.t. legevakt, heildøgns medisinsk akuttberedskap, naudmeldeteneste og psykososial beredskap og oppfølging.
- Stabile legetenester av god kvalitet i høve til diagnostisering og behandling.
- Ha tenester innanfor psykisk helse og rus som et lett tilgjengelege for innbyggjarane i kommunen.

Tiltak

- Utgreie løysingar rundt videokommunikasjon og avstandsoppfølging for oppfølging av pasientar. Det er prosjekt i Telemark nå, som vi har signalisert at vi ønskjer å med på.
Vi tilbyr videokonsultasjon
- Vidareføre prosjektet «ung i Nissedal» gjennom stillinga som SLT-koordinator
Vi fekk også i 2025 tilskot til SLT-koordinator gjennom tilskotsordninga kommunalt rustilskot. Totalt kr. 470.000,-. Beløpet skal dekke ei 50 % stilling, samt noko til drift av stillinga. Bl.a. kurs/ konferansar og reiser. Tilskotet gjer at SLT-koordinator kan fortsette å arbeide med dei viktig rusførebyggjande tiltaka inn mot barn og unge.

- SLT-koordinator har nå i haust starta på nasjonal mentoropplæring om førebygging av radikaliserings mot valdeleg ekstremisme. Opplæringa er i regi av RVTS.

- Vidareutvikle samarbeidet med «Av og til»
Nissedal blei Av og Til-kommune i slutten av 2024. I mars reiste Av-og-Til-koordinator Kristin, saman representant frå helse og oppvekst på Av-og-Til-konferansen (Energikonferansen). Her var det fagleg påfyll, samt tid til å utvikle tiltak. Koordinator jobbar godt vidare med Av-og-Til-arbeidet.

- Roll-ups er bestilt og plassert ut godt synleg på både legekantor og helsestasjon. Det er i tillegg lagt ut informasjonskampanjar på kommunens heimeside, Facebook-side og på infoskjermar i kommunen.
- Det er satt opp roll-ups med fokus på temaet både på venterommet på legekantoret og på helsestasjonen. I tillegg er ulike informasjon spredt på heimeside, facebook og på ulike infoskjermar rundt i kommunen.
- Oppretthalde aktivitets tilbud for born og unge i sommarferien
Dette er under planlegging.

- Ungdommane i kommune hadde også i sommar gode tilbud med ulike aktivitetar. Totalt var det 8 kveldar med bl.a. frisbeegolf, leirdueskyting, sandvolleyball, vatnsport, fising og gravemaskinkjøring. Alt i samarbeid med frivillige organisasjonar.
- Vidareføre folkehelse prosjektet " Topptur Nissedal "
Vidareført. Det er sett ned ei arbeidsgruppe for å planlegge neste sesong Da er det 10 års-jubileum.
Det har vore god aktivitet i Topptur Nissedal også i år. Innbyggjarar i alle aldrar kjem seg ut på tur og opplever fellesskapet ved å delta.
Prosjektet er godt etablert og gå rnesten av seg sjølv etter oppstart.
- SLT-kontakten arbeider førebyggjande både lokalt og regionalt
Sjå under Ung i Nissedal.
- Vidareutvikle lågterskel tilbudet «Huset» i tenesta for psykisk helse og rus.
Også i 2025 fikk Nissedal kommune tilskot av Statsforvaltaren/ Helsedirektoratet gjennom tilskotsordninga *Kommunalt rusarbeid*. Til lågterskeltilbudet fikk kommunen totalt kr. 540.000,-. Tilskotet skal dekke ei 60 % stilling, samt drift av «Huset».
- Vidareføre foreldreveiledning for foreldre til alle 2- åringane.
Vidareført
- Etablere og utvikle samarbeid om barns beste med fokus på tidleg innsats og førebygging i samband med interne og eksterne samarbeidspartnarar
Det blir jobba kontinuerleg på det området.
- Utvikle samarbeidet mellom skule, helse og fritid gjennom prosjektet «Binders».
Prosjektleiar jobbar kontinuerleg og godt med det i samarbeid med arbeidsgruppa. Lena og arbeidsgruppa i Binders samarbeider fortsatt godt på tvers og har jevnlege møter der dei diskuterer ulike utfordringar og evaluerer det som er gjort. Dei har også arrangert og vore ein del av ulike aktivitetar. Bl.a. turnhelg, styrketrening for ungdom, NUSSA, frisbeegolfkurs, samskapingmøte på Felle, sommaraktivitet, tur til VG-lista, fotballskule i Vrådal og samkøyring dit, og mykje meir!

Binders er og ein del av barn og ungdomsteam, og har også vore inn i ungdomsrådet, samt hatt presentasjons i kommunestyre for å forankre arbeidet og prosjektet.

- Fokus på godt tverrfagleg samarbeid mellom dei ulike avdelingane i eininga, for å sikre eit godt tenestetilbod til innbyggjarane
Det blir jobba kontinuerleg med godt tverrfagleg samarbeid.
 - Legane har fast samarbeidsmøte på heimesjukepleia kvar onsdag. Tilsynslege på NOS har i tillegg samarbeidsmøte før tilsyn på tysdagar. Her deltek også tenestekontoret, ergoterapeut og fysioterapeut. Ut over det er det møter etter behov.
- Utvikle avdelinga innan digitale tenester
Ses i samband med nasjonale innføringsløp innan digitalisering og prosjektet digital heimeoppfylging «DHO» prosjektet som foregår i Telemark nå

Mila aktivitetssenter

Mila aktivitetssenter organiserer dag-aktivitetar til personar med nedsett funksjonsnivå. Det er eit godt etablert tilbod, kor brukarar på Kåsa nyttar tilbodet 4 gonger i veka I tillegg kjem der andre innbyggjarar utanfrå. Annan kvar fredag er det eget lågterskel tilbod og det er om lag 10 personar nyttar seg av tilbodet. Mila vert drifta av 1,1 årsverk og har ei budsjetttramme på omkring 1 mill.

3.5.5 Habilitering og aktivisering

Habiliteringstenesta har 27 årsverk og ei brutto budsjetttramme på om lag 26 mill.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan avdelinga:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester
- Helsepersonelloven
- Folkehelseloven
- Pasient og brukarrettighetsloven
- Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Tenester for personar med nedsett funksjonsnivå

Tenestene er organisert i Kåsa bu og avlastning (Kåsa). Det er 8 personar som bur i eigne bustader knytt til Kåsa. 1 person har fast avlastning tillegg gjev Kåsa tenester til 2 brukarar som bur i eigen bustad i Nissedal. Brukarane på Kåsa har nedsett funksjonsnivå og har store bistandsbehov. Alle tenester vert tildela eller vedtak.

I tillegg til tenestene i Kåsa har eininga ansvar for dei personane i kommunen som har vedtak om støttekontakt, avlastning og BPA får det. Behovet for tenestene varierer gjennom året.

Mål for tenestene:

- Yte sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering til dei som har medfødde eller fått varige problem/funksjonshemmingar og trenger bistand for å kunne nå mål om deltaking i kvardagsliv og samfunnsliv
- Styrke fag- og tenesteutvikling og kompetanseheving for å sikre gode helse og omsorgstenester til denne brukargruppa

Tiltak

- Byrje prosess med å kartlegge behovet for nye bustadar til denne brukargruppa
Påbegynt men usikkert kva behovet vil vere fram i tid. I samband med ombygging NOS og bygging av nye omsorgsbustadar, har ein au sett på moglegheitene for å bygge ut dagens bustadar på Kåsa. Skulle der bli behov, er der plass til å bygge 2 bustadar på dagens bustadmasse. Det er viktig at eit eventuelt behov for bustadar her, samt drift utgreiast oog sjåast i samband med pågåande planlegging av fleire omsorgsbustadar.
- Fokus på brukar medverknad og pårørandesamarbeid
Det er etablert team kring den einskilde bebuar, kor primærkontakten samane med vernepleiarane jobbar med tiltaksplanar som skal sikre medverknad både frå bebuar og pårørande. Der er fastsette møtepunkt mellom tenesten og pårørande/ verger.
- Utarbeide ein fagplan innanfor ulike fagområde for å sikre fagleg forsvarlighet
Ikkje påbegynt
- Fokus på leiing og myndiggjorte tilsette
Pågår
- Jobbe systematisk med rutinar og prosedyrar for å ivareta pasientsikkerheten.
Pågår. Implementering av overordna legemiddelinstruks med tilhøyrande rutinar og prosedyrar held på.
- Fortsatt samarbeide med helseavdelinga om aktivitetstilbod på Mila slik at alle som treng det får eit godt og variert tilbod om aktivitet tilpassa deira funksjonsreduksjon.
Held fram
- Undersøke om velferdsteknologi og kan være nyttig for denne gruppa
Ikkje påbegynt
- Utarbeide ein eigen habiliteringsplan for Nissedal kommune
Ikkje påbegynt

Kompetanseutvikling:

- 1 tilsett fullført vidareutdanning i praktisk pedagogisk utdanning mai 25
- 1 tilsett fullført vidareutdanning i rettleiing i april 25
- 3 tilsette held på med sjukepleieutdanning, kor alle 3 tek desentralisert utdanning.
- 2 tilsette tek vernepleieutdanning. 1 på desentralisert og 1 på fulltid.
- 5 tilsette på Kåsa tek «mitt livs ABC»
- 8 tilsette i heimetenesta/NOS tek « Demensomsorgens ABC»
- 3 tilsette held på med studieløp for å ta fagbrev i helsefag
- 3 tilsette er tilsett som vaksenlærlingar og skal i løpet av 3-4 år ta fagbrev

Det er svært gledeleg at fleire ynskjer ta ulike utdanningar, både vidareutdanning men au fagbrev og sjukepleie. Vernepleiekompetansen i kommunen er kritisk låg og vi var svært heldige då 2 innbyggjarar, som ikkje jobba i eininga, kom inn på vernepleiestudiet. Dei har baa 2 fått kvar si rekrutteringsstilling.

Sjukefråvær:

Samla sjukefråvær i 2 tertial ligg på 8,2 %, kor korttidsfråværet ligg på 1,8 % og langtid på 6,4%. Det er i hovudsak korttidsfråværet som i 2 tertial har gått ned, noko som heng saman med årstid og mindre sesong for sjukdom samt ferieavvikling. Det har vore liten nedgang i langtidsfråværet. Størst nedgang er på Kåsa, med eit langtidsfråvær på 2,8%. Størst langtidsfråvær er på NOS med 18 %. 16 % av langtidsfråværet er på somatisk avdeling, ei avdeling med mykje stell og pleie. Fleire tilsette slit med ulike helseplagar og har behov for å vere enten gradert eller fullt sjukemeldt i periodar. Ein vil gjere nokon endringar i drifta, for å sjå om det vil ha effekt på sjukefråværet. Bedriftshelsetenesta skal au bistå med arbeidsmiljø kartlegging og samtalar. Desse tiltaka håpar ein vil føre til ein meir stabil drift og auke jobbnærværet.

Økonomivurderingar – Nye behov/utfordringar:

NOS:

Der har i 1 og 2 tertial vore ledige plassar på NOS. Dette har medført mindre opphaldsbetaling enn der vart budsjettert med. Talet på bebuarar har variert gjennom året og det har ligge på eit gjennomsnitt på 10 bebuarar frå januar til nå. Der har i 2. tertial vore meirforbruk på både overtid og vikarlønn, men dette har ein kunne balansere med mindreforbruk på ferievikarar. Det var lite ferievikar søkjarar til NOS og det medførte at faste tilsette måtte ta ein del ledige vaktar. Det er behov for å styrke NOS sitt budsjett med 288.000,- grunna mindre inntekter på opphaldsbetaling.

Heimetenesta:

Der har i 2. tertial ikkje vore over belegg eller behov for ekstra innleige. I tillegg har det vore mogeleg å gå med redusert bemanning på enkelte vaktar ved fråvær. Der er au leigd ut korttids plassar til Kvitseid kommune, noko som har gitt litt ekstra inntekt. Der var ingen søkjarar til ferievikar i heimhjelpa. Feriebudsjetten blei difor flytta til heimesjukepleia, då det var dei som måtte utføre dei oppdraga i ferieavviklinga. Budsjetten i heimetenesta er per i dag i balanse.

Kåsa:

Der har vore ei auke i behov for BPA, med 15 timar per veke, med verknad frå 01.07.25. Dette gjev ein halvårseffekt på omlag 208.000,-.BPA ordninga er slik, at ein betalar på forskot for 3 månader av gonga. 1-2 gonger i året gjerast der oppgjer på ubrukte timar og det fram til no, vore refundert opp til 200.000 årleg. Det gjer det vanskeleg å budsjettere denne posten. Der er allereie per august eit overforbruk på BPA og ein ser behov for å styrke denne posten med 300.000. Budsjetten på Kåsa er elles i balanse.

Helseavdelinga:

Budsjetten er per i dag i balanse.

3.6 Eining for plan og teknikk

Eininga er nyoppretta eining frå 2025, etter samanslåing av eining for teknisk drift og interkommunalt plankontor. Eininga er organisert i 3 avdelingar, avdeling for bygg/eigedom/veg, avdeling for vatn/kloakk og plankontor. Eininga er leia av kommunalsjef plan og teknikk. Vatn/kloakk er i budsjettet skilt ut som eige rammeområde.

3.6.1 Avdeling for bygg, eigedom og veg

Kjerneoppgåver for avdelinga :

- Drift og forvaltning av kommunale bygg og kommunens grunneigedommar
- Drift og forvaltning av kommunens utleigebustader
- Prosjektansvar for kommunens bygge- og anleggsprosjekt
- Forvaltning av kommunens bil- og maskinpark
- Beredskap og førebyggjande tiltak mot brann og ulykker
- Drift og vedlikehald av kommunale vegar, ferjedrift og grøntområde
- Reinhold i kommunale bygg

Avdelinga 11,5 årsverk, fordelt på avdelingsleiar, 3 vaktmeistrar, og 10 reinhaldarar. I tillegg kjem 16 brannkonstablar i det frivillige brannvesenet.

Felles mål for heile avdelinga

- Utvikle og gjennomføre investeringsprosjekt innan bygg- og kommunaltekniske anlegg på ein fagleg og økonomisk god måte.

Felles tiltak for heile avdelinga

- Kartlegge oppgåver, ansvar og forventningar innan dei ulike tenesteområda, og definere tydelegare kva som er kjerneoppgåver.
Ny kommunalsjef starta 1. juni. Arbeidet med stillingsomtalar for avdelingsleiinga er gjort, og det blir jobba med ein gjennomgang av ansvarsområde på avdelingane. Plan og teknikk jobbar med å strukturere og få oversikt over fagområda, samt syte for godt tverrfagleg samarbeid internt og eksternt.
- Organisere sommarjobb for ungdom/studentar innanfor gitt ramme.
Fire ungdomar hadde sommarjobb på avdeling bygg, eigedom og veg. Ordninga fungerte godt og ungdomane var eit godt bidrag til arbeidet som blir gjort på uteareal og bygg sommarstid.
- Utarbeide ein vedlikehaldsplan for å sikre alle bygg mot ytterlegare forfall, og gjennomføre prioriterte tiltak innanfor den vedlikehaldsramma som er gjeve.
Plan/ oversikt over behov og stipulerte kostnader for kommunen si bygningsmasse var utarbeidd i 2024. Vedlikehald av bygg skjer fortløpande etter økonomiske rammer. Arbeidet stoppa opp på seinsommaren på grunn av oppbrukte budsjettmidlar.

Endringar i planperioden

- Krav til offentlege bygg, t.d. universell utforming, energiøkonomisering og miljøomsyn samstundes som kommunen si eigedomsmasse har eit stort vedlikehaldsbehov vil i åra som kjem utfordre eininga både på økonomi og kompetanse.

Kommunale utleigebustader

Kommunen har totalt 32 utleigebustader, der 19 tildelast etter «Lov om helse og omsorgstenester» av tenestekontoret i Eining for velferd, og resten tildelast etter gjeldande reglement for utleigebustader av eining for teknisk drift.

Det er avsett 0,45 årsverk, og ei budsjettramme på 0,7 mill. til føremålet. Forventa årlege leigeinntekter er 1,9 mill.

Mål for tenestene

- Alle utleigebustader skal haldast i slik stand at dei er attraktive å bu i.
- Alle bustadene er til ei kvar tid leigd ut.
- Utarbeide plan/prioritering for vedlikehald av kommunale utleigebustader.

Tiltak

- Gjennomføre vedlikehald i tråd med plan og innanfor tildelt økonomisk ramme.
Det jobbast kontinuerleg med vedlikehald, men ramma på ca 500 000,- er brukt opp. Det blir ein ekstra kostnad på bytte av kjøkken i Framnes 69 på Ca 130 000,-. Dette fører til at løyvinga for dette året er brukt.
Det viser seg at kostnadene til vedlikehald har auka betrakteleg og at dei midlane som er avsette strekk ikkje til. For å møte det store behovet treng vi auka ramme.

Kommunale bygg

Kommunen driv tenesteyting i totalt 13 bygg. I tillegg eig kommunen ein del bygningsmasse av kulturell og historisk verdi, der nokre av bygga vert leigd ut til næringsverksemd, nokre nyttast til lager og andre står ubruka. Det er avsett 8,7 årsverk, og ei netto budsjettramme på 10,8 mill.

Lovverk

- Plan og bygningsloven
- Forskrift om krav til byggverk og produkter til byggverk (TEK)
- Lov om vern mot forurensing og om avfall (Forurensingsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensing (Forurensingsforskriften)

Mål for tenestene

- Alle kommunale bygg der det drivast tenesteyting er funksjonelle og oppfyller alle lovkrav til utforming.
- Andre kommunale bygg vert teken vare på slik at dei ikkje mistar sin funksjonelle, historiske eller kulturelle verdi.
- Alle kommunale bygg skal vere kartlagt med omsyn til potensiale og utfordringar knytt til Enøk og universell utforming.

Tiltak

- Fullføre ombygging av Tveit skule/Nissedal ungdomsskule
Ombygginga er fullført i medhald av plan og overtakesle var 18. august 2025.
- Gjennomføre ombygging av Nissedal omsorgssenter
Arbeidet pågår og skal etter planen vere ferdig i desember 2025.
- Utgreie og gjennomføre tiltak i Lokstallen i tråd med føringar i motteke tilskot
Arbeidet pågår.
- Innarbeide gode rutinar for å gjennomføre utarbeide drift- og vedlikehaldsplanar for alle kommunale bygg.
Arbeidet med å legge planen for vedlikehald over i Komtek Drift og vedlikehald er på gang.

Kommunale grøntanlegg

Kommunen har store grøntareal, både rundt dei kommunale bygga, i tettstadane, og som idretts- og friluftsområde.

Det er avsett 0,45 årsverk og ei budsjetttramme på 0,4 mill.

Mål for tenestene

- Kommunen sine grøntanlegg skal vere attraktive, funksjonelle og tilgjengelege, og legge til rette for aktivitet og trivsel.

Tiltak

- Aktivt nytte sysselsettingstiltak som ledd i godt sommarvedlikehald
Det blir nytta 4 stk ungdom til sommarvedlikehald.
Det har vore dialog kring behovet for utbetring av grøntanlegg i Treungen sentrum, og det er ynskjeleg å framover kunne bruke tid på:
 - Oppgradere grøntareala og beplantninga
 - Gjenskape den originale gangstien
 - Utbedre kantstein og legge ny asfalt
- Utgreie løysing for offentleg toalett i Kyrkjebygda
Utgreiing av løysing med offentleg toalett i Kyrkjebygda blir fremma som sak til kommunestyret og blir innarbeidd i budsjett 2026.

Samferdsel (vegar, plassar og Fjoneferga)

Kommunen har ca. 25 km med kommunale vegar. I tillegg syter kommunen for sommarrenovasjon på ein del rasteplassar langs riks- og fylkesvegar. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av private vegar etter eigne retningsliner. Vidare driv kommunen Fjoneferja gjennom driftsavtale med driftsoperatør. Driftsavtala omfattar også leige av serveringsstaden på Fjonesida av ferjesambandet.

Det er avsett 0,5 årsverk og ei netto budsjettramme på 1,9 .

Lowverk

- Lov om vegtrafikk (vegtrafikkloven)
- Rettleiar for trafikksikker kommune – utarbeida av trygg trafikk

Mål for tenestene

- Dei kommunale vegane skal ha normal vegstandard heile året.
- Fjoneferga skal ha ei stabil drift i perioden den går.
- Nissedal kommune skal jobbe mot visjonen om 0 drepte og 0 alvorlig skadde i trafikken.

Tiltak

- Fullføre revidering av kommunen sin handlingsplan for trafikksikring
Revidert trafikksikringsplan er vedtatt og 19. juni blei Nissedal kommune regodkjend av Trygg trafikk.
- Utgreie behov for tiltak etter erosjonsskader på bru på Kleivvegen.
Etter synfaring kom vi fram til at det er naudsynt med ei utbetring og det er anslått ein kostnad på 250 000,-. Bru på Kleivvegen blir ikkje utbeta i år, då midlane må brukast på Tveitanevegen.

Vi treng ekstraløyving til utbetring av fleire vegar neste år. Tiltak som må iverksetjast er:

- Kleivvegen bru
- Grøfting i Smetkollen
- Trefelling og rensking av grøfter på alle kommunale vegar
- Ein del re-asfaltering
- Utbetre virefundamentet for Fjoneferja

Brann- og ulykkeberedskap

Nissedal kommune sin brann- og ulykkeberedskap er organisert med eit brannvesen med 16 brannkonstablar som har ein stillingsprosent på 1,4 % i kommunen. I tillegg er kommunen med i eit interkommunalt samarbeid, Vest-Telemark brannvern. Samarbeidet har ein overordna brannsjef med ansvar for førebyggjande arbeid (feiing og tilsyn), og i tillegg stør kommunane i dei faglege spørsmåla. Brannvesenet har i dag inga fast vaktordning. Kommunen er også ein del av IUA (interkommunalt utval mot akutt forureining) i Telemark, skogbranntroppane og Sør-Øst 110.

Det er avsett ca. 0,3 årsverk, og ei netto budsjettramme på 3,1 mill. til føremålet.

Lovverk/regionale føringar/retteiayar

- Lov om Brann og eksplosjonsvern
- Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen
- Lov om samfunnssikkerhet og beredskap
- Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- Meld. St. 10 (2016-2017) Risiko i et trygt samfunn – Samfunnssikkerhet
- Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen, DSB 2014
- Klimahjelperen veileder i hvordan ivareta samfunnssikkerhet og klimatilpasning i planlegging etter plan- og bygningsloven, DSB 2015.

Mål for tenestene

- Nissedal kommune skal vere ein trygg stad å opphalde seg.
- Nissedal kommune skal til ei kvar tid ha oversikt over risiko for ynskja hendingar, og jobbe førebyggjande for å minimere risiko og/eller konsekvensane av slike hendingar.
- Kommunen skal kunne handtere krisesituasjonar slik at skadeverknadane blir minst mogleg.
- Kommunen skal ha ein brann- og ulykkeberedskap som handterer alle akutte hendingar på ein god måte.

Tiltak

- Jobbe med å få på plass og implementert fagsystemet Bliksund –GRID. GRID er eit fagsystem for brann og redningsetaten som skal syte for at ein har god oversikt over mannskap, ressursar, kompetanse øvingar mm, samt felles prosedyrar, retningsliner og kommunikasjonsstøtte.

Utført.

- Gjennomgang av alle kommunale bygg og utarbeide innsatsplanar og objektplanar.
Arbeidet er påbegynt og vidare oppfølging ligg til VTBR førebyggjande avdeling.
- Tilpasse og øve særleg på diverse rutinar ved overgang til ny brannbil hausten 2025.
Ny brannbil kjem i desember.

3.6.2 Plankontor

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Plankontoret har for 2024 budsjettert med 4,35 årsverk fordelt på fem stillingar. Inntektene, i det alt vesentlege behandlingsgebyr, er budsjettert til 3,61 mill. kr. Etter samarbeidsavtalen skal kommunane fordele nettokostnaden ved drifta av plankontoret etter folketalet. For 2024 er andelen til Nissedal berekna til 37,3 %. For sjølvkostområda oppmåling og byggesak er det eit mål å oppnå 100 % dekningsgrad, dvs. at desse tenestene skal vere sjølvfinansierte.

Felles mål for heile plankontoret

- Legge til rette for bustadbygging og næringsetableringar i samsvar med kommuneplanens hovudmål, jf. pkt. 4.1.5 og 4.2.
- Legge til rette for bygging av fritidsbustader i samsvar med kommuneplanens hovudmål, jf. pkt. 4.2 og 4.3.4.
- Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag gjennom vidare arealkartleggingar av t.d. kulturminne, naturtypar og friluftslivsaktivitetar.
- Syte for rask behandling av alle typar søknader. Ikkje brot på lovfastsett behandlingstid.

Felles tiltak for heile plankontoret

- Tilpasse årsverk til eventuell endring i oppdragsmengde og/eller endra saksbehandlingskrav.
- Kommunedirektør bes sjå på ulike modellar for klimarekneskap og budsjett, f.eks. i nabokommunar innan utgangen av 2. tertial.
Ny kommunalsjef starta 1. juni, og arbeidet med å få oversikt over oppdragsmengd og mogleg planarbeid som kan takast i eigenregi, er på gang.
Arbeidet med å bli miljøsertifisert pågår, og klimarekneskap/-budsjett kjem inn i dette.

Administrasjon og plan

Tenester/arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjonar frå plan, klagesaker. Fylgje opp ulovlegheit.

Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Naturmangfaldlova, Forureiningslova, Kulturminnelova, gjeldande kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.

Budsjetterte årsverk 2024: 0,90.

Mål for tenestene

- Alltid ha oppdaterte arealplanar.
- Ha nok detaljplanlagde tomter for bustadbygging, med vekt på sentrumsområda Treungen og Kyrkjebygda.
- Yte rett og rask service til alle som etterspør kartbasert informasjon.

Tiltak

- Fullføre rulleringa av kommunedelplanen for Treungen sentrum.
Administrasjonen gjennomførte Planforum med regionale myndigheitene i september 2025. Vidare prosess kring planarbeidet bør ventast med fram til reguleringsplan Rv41 Ny Tveitsund bru er avklara/ vedteken.
- Områdeplan for Langmoen.
Planprogrammet for planarbeidet blei vedtatt i kommunestyret 11 september 2025.
- Statens vegvesen har varsla oppstart av detaljreguleringsplan for NY Tveitsund Bru.
Det vart halde Planforum med regionale myndigheiter i august 2025. Statens vegvesen orienterte vidare om arbeidet i formannskapet 28 august, og deltok på næringsmøte same dag. Formannskapet får lagt fram sak om avklaring av trasèval som grunnlag for vidare arbeid med reguleringsplanen 18. september 2025.

- Oppdatere/revidere føresegnene til kommuneplanens arealdel
Administrasjonen hadde planforum med regionale myndigheter 2. september 2025 for å drøfte moglege løysingar og omfang på arbeidet. Arbeidet vil krevje m.a. konsekvensutgreiing, og vil vere tidkrevjande. Vi jobbar vidare med å vurdere om/ korleis eit arbeid kan leggest opp.
- Starte prosessen med planvask
Ikkje påbegynt. Planvask bør skje gjennom revisjon av arealplanar for geografiske område, der ein i plan-/ utgreiingsprosessen vurderar omsynet til ulike interesser opp mot nasjonale mål, lokale strategiar osv. Det mest naturlege vil vere å ta det opp i samband med revisjon av heile kommuneplanen sin arealdel. For slik som kommunedelplan Treungen sentrum vil det vere naturleg med planvask – dvs status og relevans for dei juridisk bindande reguleringsplanane som ligg innanfor delplanområdet.
- NIN-kartlegge detaljreguleringsplan for Jettegrytene
NIN-kartlegging for reguleringsplan Jettegrytene blei gjennomført hausten 2025.

Kart og oppmåling

Tenester/arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikkelova.

Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Matrikkelova, Eigarseksjoneringslova, gjeldande kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.

Budsjetterte årsverk 2023: 1,65.

Mål for tenestene

- All saksbehandling utan brot på lovfastsett behandlingstid.
- Tenestene skal vere sjølvfinansierte.

Tiltak

- Få kommunen autorisert som oppmålingsmynde, jf. nytt forskriftskrav.
Oppmålingsingeniøren får svar på eksamen/ søknad i løpet av september/oktober 2025
- Rette opp og supplere i feil/manglande vegadresser.
Pågåande arbeid

Byggesaksbehandling

Tenester/arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader, ulovlegheiter og dispensasjonar.

Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Forureiningslova, Kulturminnelova, gjeldande kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.

Budsjetterte årsverk 2024: 1,80.

Mål for tenestene

- All saksbehandling utan brot på lovfastsett behandlingstid.
- Tenestene skal vere sjølvfinansierte.

Tiltak

- Sal av tenester til eigedomsskatteprosjektet (taksering av alle nye skatteobjekt). Oppstart med ny-taksering hausten 2025.
Arbeidet starta opp september og pågår utover hausten.
- Kontrollere at rutine for prøvetaking og service av § 13-anlegga blir gjennomført.
Påbegynt.

3.6.3 Vatn og avløp

Nissedal kommune har ca.2.150 abonnentar knytt til vatn og avløp som får levert tenester gjennom ein stor infrastruktur rundt i heile kommunen. Nissedal kommune har sidan 2015 vore vertskommune for drift av felles VA-anlegg for Gautefallheia. Tenestene er underlagt prinsipp om sjølvkost, dvs. at brukarane av tenestene (abonnentane) skal finansiere utgiftene.

Det er avsett 4,5 årsverk og ei brutto utgiftsramme på 10 964 000 inkl. drift av fellesanlegg med Drangedal kommune.

Lovverk

- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. (Matloven)
- Forskrift om vannforsyning og drikkevann (Drikkevannsforskriften)
- Lov om vern mot forurensinger og om avfall (Forurensingsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensing (Forurensingsforskriften)

Kjerneoppgåver

- Drift og forvaltning av kommunale vass og avløpsanlegg med tilhøyrande leidningsnett

Mål for tenestene

- Bidra til god folkehelse ved å gje gode grunnleggjande tenester som reint vatn, handtering av avløpsvatn, friluftsområde, reinhald og inneklima i kommunale bygg.
- Gjennom gode rutinar for drift, vedlikehald og internkontroll skal kommunen sikre alle abonnentar god kvalitet på drikkevatt og sikre miljøet mot utslepp av avløp.
- Gjennom nye investeringar sikre at infrastrukturen til ei kvar tid dekker behovet for kapasitet og kvalitet.
- Tenestene skal finansierast av brukarane, dvs. ha 100 % dekningsgrad over tid.
- Med grunnlag i samfunnsøkonomi, miljøomsyn og næringspolitikk skal kommunen satse aktivt for å auke talet på abonnentar, primært gjennom samarbeid med hyttevelling, utbyggingsinteresser og grunneigarar.

Tiltak

- Tilpasse og vidareutvikle driftsrutinar slik at dei til ei kvar tid sikrar levering av gode vass- og avløpstenester.
Det vert kontinuerleg jobba med å tilpasse driftsrutinane til dei nye anlegga som vert bygd.
- Forbetre system for internkontroll/kvalitetssystem.
Dette arbeidet blir arbeidd med i samanheng med utarbeiding av ny hovudplan, jf. kulepunkt under.

- Innføre nytt prøvetakingsprogram for vatn.
Nytt prøvetakingssystem er innført sept. 2025 § 14-anlegg fvl.
- Fortsette kartlegging og dokumentering av leidningsnett.
Det er spesielt den eldre infrastrukturen som er dårleg dokumentert. Både i 2024 og i 2025 har ein leigd inn ekstern kompetanse for å få gjennomført dette, og arbeidet nærmar seg fullført.
- Utarbeide ny hovudplan for vatn og avlaup i tråd med vilkår fastsett i utsleppsløyvet til Langmoen reinseanlegg.

Frå utsleppsløyvet:

«Kravet om miljørisikovurdering og utarbeiding av ein heilskapleg handlingsplan på avlaupsområdet er viktig for å styre avlaupsarbeidet. Miljørisikovurderinga skal gi verdifull informasjon, slik at de kan prioritere først dei tiltaka som har størst risiko og gir størst miljøgevinst. Når de samlar resultata i ein heilskapleg handlingsplan, vil kommunen ha eit styringsverktøy for ei miljømessig god utvikling av avlaupssystemet.»

Det er inngått kontrakt med AsplanViak om arbeidet, og ein er godt i gang. Planlagt ferdig utført Innan 1.halvår 2026.

- Fullføre vedteke utbyggingar av høgdebasseng, Langmoen reinseanlegg og transportsystem.
Høgdebassenga er ferdigstilte. Langmoen reinseanlegg vart overtatt 21.08.25, og er i dag i «prøvedrift» ved at avlaupet frå Gatefallheia vert sendt dit. Belastninga vil gradvis auke utover hausten, etterkvart som dei andre reinseanlegga blir lagt ned.
- Gjennomføre naudsynte ombyggingar av eksisterande reinseanlegg som skal fasast ut.
Det er løyva kr 24,5 million for å fase ut 4 reinseanlegg og fleire mindre infiltrasjonsanlegg. Gjeldande framdriftsplan er å ha fullført dette i løpet av 2025.
- Utreie utbyggingar av kommunalt leidningsnett der det ligg til rette for det, eller der utbyggingsinteresser tek initiativ til det.
Dette blir vurdert og utgreidd i den konkrete saka når private interesser tek initiativ/ syner interesse for påkopling til kommunalt nett.

Endringar i planperioden

- Nytt reinseanlegg på Langmoen, og som fylgje av det nedlegging av dei fleste eksisterande reinseanlegga.

Økonomi

Budsjett for 2025 legg opp til fullføring av fleire investeringsprosjekt innan VA. Nytt reinseanlegg på Langmoen og nytt høgdebasseng i Treungen samt ombygging av eksisterande anlegg som nemnd i pkt. over, er dei største enkeltprosjekta. Betydeleg auke i kapitalkostnader har stor innverknad på gebyrgrunnlaga.

Det er berekna gebyrgrunnlag slik i planperioden:

| VASSFORSYNING | B2024(rev) | B2025 | B2026 | B2027 | B2028 |
|-------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Driftskostnader | 4 729 750 | 4 959 838 | 5 207 829 | 5 468 221 | 5 741 632 |
| Avskrivningar | 3 911 499 | 4 416 949 | 4 554 559 | 4 549 006 | 4 518 213 |
| Kalkulatoriske rentekostnader | 4 771 115 | 4 919 553 | 4 794 761 | 4 636 784 | 4 477 716 |
| Gebyrgrunnlag | 13 412 364 | 14 296 340 | 14 557 149 | 14 654 010 | 14 737 561 |

| AVLØP | B2024(rev) | B2025 | B2026 | B2027 | B2028 |
|-------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Driftskostnader | 6 005 500 | 5 957 125 | 5 954 981 | 6 252 730 | 6 565 367 |
| Avskrivningar | 2 301 483 | 3 927 094 | 6 126 269 | 6 123 434 | 6 043 463 |
| Kalkulatoriske rentekostnader | 4 792 322 | 6 880 210 | 8 123 676 | 7 919 504 | 7 714 547 |
| Gebyrgrunnlag | 13 099 305 | 16 764 428 | 20 204 926 | 20 295 668 | 20 323 377 |

| Budsjetterte dekningsgrader | B2024(rev) | B2025 | B2026 | B2027 | B2028 |
|------------------------------------|-------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Vatn | 101,1 % | 99,3 % | 102,3 % | 100,0 % | 100,0 % |
| Avløp | 102,7 % | 107,6 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |

Årsgebyr

Årsgebyra kan delast mellom Hytter, Hus og Næringsbygg/offentlege bygg. Ved inngangen til 2025 er det lagt til grunn omlag 2.150 abonnentar. Av desse er det ca. 1.650 hytter. Forventa nye abonnentar pr år er justert ned frå tidlegare økonomiplan til nå å vere 25. Alle hytter har vassmålar og betalar for sitt faktiske forbruk. Prognosane bygger på eit gjennomsnittleg forbruk på 30 m³ for hytter og 200 m³ for andre abonnentar.

Alle gebyr innan vassforsyning aukast med 5 % frå 2024 til 2025.

Alle gebyr innan avløp aukast med 35 % frå 2024 til 2025.

For ein gjennomsnittleg abonnent betyr dette ein auke i årskostnad på om lag 15 % (då er også Staten sin reduksjon av mva-sats frå 25% til 15 % frå 1.mai 2025 teken omsyn til).

Tilkoplingsgebyr

Tilkoplingsgebyra skal i prinsippet vere med å finansiere kapitalkostnadene kommunen får ved å investere i nyanlegg. I all hovudsak er det tilkopling av hytter som gjev desse inntektene. Hytter kan få rett til reduserte gebyrsatsar dersom andre enn kommunen har vore med å opparbeide infrastruktur/finansiert kommunen si opparbeiding.

Alle tilkoplingsgebyr er uendra frå 2024 til 2025.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet i plan og teknikk ligg på 6,03% på kortidssjukefråværet og 3,96 på langtidssjukefråvær.

Økonomivurderingar – Nye behov/utfordringar:

Brann:

I 1. tertial blei det trekt ut kr 775.000 av budsjettet til brann på bakgrunn av tal frå 2024 og dei første månadene i 2025. Ein ser nå at dette var optimistisk. Ein ser nå at det er behov for å «tilbakeføre» kr 567.000 til brann. Dette på bakgrunn av auke utgifter til utrykking/overtid som må styrkast med kr 275.000. I tillegg var det i 1. halvår gjort ei feilkontering av overføring til Vest Telemark brann og redning som gav eit feil inntrykk av budsjettsituasjonen.

Administrasjon:

I førebuingane til 1. tertial blei det trekt ut lønsmidlar frå adm. av eininga pga. vakanse i stillingar. Det blei då trekt ut meir enn det var grunnlag for, i høve til når stillingane blei besett. I tillegg er det gjort ulike oppgraderingar i høve til utstyr/kontor. I sum kr 163.000.

Bygg, eigedom og veg:

I 1. tertial blei det trekt inn kr 300.000 av ekstra vedlikehaldsmidlar for å finansiere oppussing av SFO på Felle og Fjone. Det var då fleire oppussingsprosjekt i gang og ein fekk eit meirforbruk på vedlikehald på kr 100.000. Av prosjekt som er gjort i år kan ein nemne:

- Det ble skifta ut alt på badet Smeitkollen 81 pga. elde, det ble også montert nytt vindauge og ny verandadør. Det ble også skiftet verandadører i 85 og 87
- Kjøkken og oppussing i Smeitkollen 14 blei dyrare enn venta.
- Framnes 69 blei dyrare enn venta, då alt av rør måtte skiftast ut i tillegg til at ytterdør og balkong måtte skiftast pga elde og råte.
- Framnes 69 fekk nytt kjøkken, som det ikkje var budsjettet med, men som blei bestilt av kommunedirektør, denne kostnaden blei omlag 140 000,-. Framnes 67 måtte også ha ny balkong av same grunn og nye ytterdører i Framnes 63 og 67.

Det er nå ikkje midlar att til vedlikehald resten av året. Det er behov for meir midlar til vedlikehald av bygningar og anlegg generelt. Det er behov for meir ressursar på reinhald – større areal å reinhalde med Langmoen, Tveit skule, og nye vassanlegg. Tilrettelegging av SFO på Felle og Fjone blei rimelegare enn budsjettet. Det står att ca. kr 600.000 av dei løyvde midlane. Desse har ein behov for til andre oppussingsprosjekt.

I k-sak 4/25 (SFO på Felle/fjone) blei det vedteke at plan og teknikk skulle styrkast med kr 108.000 til vaktmeister/reinhald/straum i 2025. Dette blei utegløymt i 1. tertial.

Leigeinntekter på kommunale bygg ligg ab til å bli kr 175.000 under budsjett. Dette gjeld samla for næringsbygg, kommunale utleigebustader og omsorgsbustader.

Det har kome til utgifter utover budsjett til sertifisering Miljøfyrtårn for kommunehuset (kr 30.000) og takstrappert i høve til evt. skadesak på Lokstallen (kr 30.000).

I høve til pott avsett til sommarungdom er det eit mindreforbruk på kr 90.000.

Plankontoret:

Her er inntektene noko under budsjett. Men dette legg ein til grunn vil bli «utlikna» av refusjon/inntekter knyt til arbeid opp mot omtaksering på eigedomsskatt.

Vatn- og avløp:

Økonomistatus pr. 2.tertial

Rammeområdet har ei netto driftsramme på -22.179.000 (inntekt), som skal dekke indirekte kostnader og finanskostnader (renter og avdrag på lån). Gjennomgangen nå i 2.tertial syner behov for å styrke ramma med kr 730.000. Hovudårsaka til dette er at budsjetterte årsgebyrinntekter har lagt til grunn eit noko høgt antall nye abonnentar, samt at stipulert forbruk på einebustader har vore for høgt (lagt til grunn 200m³, men ca 100 abonnentar har vassmålar og eit gjennomsnittleg forbruk på ca 90m³). På utgiftssida er det spesielt kostnader til slamtømming som må styrkast, noko som skuldast at sentrifuga på Treungen reinseanlegg har svikta, men ein har valgt å ikkje reparere denne, nå som anlegget skal fasast ut.

Reviderte sjølvkostberekningar for 2025 pr. september ser slik ut:

Vassforsyning

| | |
|--|-------------------|
| Gebyrgrunnlag | 14 660 245 |
| Gebyrinntekter | 13 771 720 |
| Overskot (minus)/underskot (pluss) | 888 525 |
| Finansiell dekningsgrad | 93,94 % |
| Alternativ kostnad - fondsoppbygging | 84 988 |
| Sum avsetnad(-)/bruk til sjølvkostfond | 0 |
| Fond ved utgangen av året(pos.tal=underskot) | 2 426 297 |

Avløp

| | |
|--|-------------------|
| Gebyrgrunnlag | 17 634 277 |
| Gebyrinntekter | 17 540 435 |
| Overskot/underskot (minus) | 93 842 |
| Finansiell dekningsgrad | 99,47 % |
| Alternativ kostnad - fondsoppbygging | 61 597 |
| Sum avsetnad/bruk(-) til sjølvkostfond | 0 |
| Fond ved utgangen av året(pos.tal=underskot) | 1 483 460 |

Når det gjeld investeringsprosjekt, så visast det til eige avsnitt om desse for dei prosjekta som ikkje inngår i fellesanlegga med Drangedal kommune.

Fellesanlegg med Drangedal kommune

Drift av fellesanlegga er regulert av samarbeidsavtale mellom kommunane.

Denne fordeler kostnader dels etter «bestilt kapasitet» og dels etter «målt forbruk».

Forventa driftskostnader, fordelt på kvar kommune, er nå:

| | Samla kostnad | Nissedal sin del | Drangedal sin del |
|---------------|----------------------|-------------------------|--------------------------|
| Vassforsyning | 1 963 000 | 1 450 000 | 513 000 |
| Avløp | 2 669 000 | 1 971 000 | 698 000 |

Store investeringar i fellesanlegga som kommunen har saman med Drangedal kommune nærmar seg slutten. Dette gjeld nytt høgdebasseng i Treungen, Langmoen reinseanlegg, samt utfasing av Gautefall reinseanlegg, Fuglli reinseanlegg og Treungen reinseanlegg.

Basert på rapportering frå AsplanViak, som er leigd inn som prosjektansvarleg, er forventa prosjektkostnader nå:

| Status investeringar i fellesanlegg pr. 2.tertial 2025 | | Gjeldande prosjekt-ramme pr.01.01.25 | Endring av prosjekt-ramme i 2025 | Gjeldande prosjekt-ramme | Gjeldande budsjett 2025 | Estimert endring i 2.tert | Estimert endeleg budsjett | Drangedal sin del |
|--|---|--------------------------------------|----------------------------------|--------------------------|-------------------------|---------------------------|---------------------------|--------------------|
| 5657 | Høgdebasseng Tveit (Treungen) | 27 600 000 | -4 000 000 | 23 600 000 | 11 334 000 | -4 000 000 | 7 334 000 | -2 567 000 |
| 5678 | Utbygging - Langmoen reinseanlegg | 170 000 000 | -13 000 000 | 157 000 000 | 75 322 000 | -13 000 000 | 62 322 000 | -21 113 000 |
| 5679 | Utbygging - felles vass- og avløpsleidning Langmoen | 40 323 000 | | 40 323 000 | 2 896 000 | | 2 896 000 | |
| 5719 | Ombygging-Treungen RA til pumpestasjon | 5 681 000 | -500 000 | 5 181 000 | 5 630 000 | -500 000 | 5 130 000 | -1 795 000 |
| 5720 | Ombygging-Gautefall RA til pumpestasjon | 6 961 000 | -700 000 | 6 261 000 | 6 926 000 | -700 000 | 6 226 000 | -2 179 000 |
| 5725 | Sanering av Fuglli reinseanlegg | 592 000 | | 592 000 | 582 000 | | 582 000 | -203 000 |
| Sum fellesanlegg med Drangedal kommune | | 251 157 000 | -18 200 000 | 232 957 000 | 102 690 000 | -18 200 000 | 84 490 000 | -27 857 000 |

3.7 Næringsutvikling

Nærings sjefen jobbar tett med næringsdrivande og Nissedal næringslag. Sentrale lovverk og planar med særleg fokus på næring er Strategisk næringsplan for Nissedal, Vedtekter for kraftfond og næringsfond, retningslinjer for næringsstøtte og samarbeidsavtalar med fylkeskommunen.

Mål for tenestene

- Ha eit oppdatert og ajourført planverk.
Ny næringsplan er innført, gjennom handlingsplanen for omstillingsprogrammet
- Legge til rette næringsareal for utvikling av ny handel og næring og utviding av eksisterande.
Reguleringsplan for Langmoen er godt i gang, planen er forventa klar i løpet av 2025.
- Vere orientert kring det eksisterande næringslivet.
- Legge til rette for kompetansearbeidsplassar t.d. via private næringshagar.
Det er god dialog med vaksenopplæringa, studiesenteret og det pågåande arbeidet kring bygdevekstavgift i Vest-Telemark.
- Legge til rette for mindre pendling gjennom arbeid frå kontorfellesskap, næringshagar, heimekontor- og hytter for arbeidsgjevarar utanfor kommunen.
Næringslivet er aktive og gode i sitt arbeid kring kontorfaselitering, og gjennom det er det også ledig kapasitet for utleige.
- Utnytte kompetansen hos- og involvere hyttebuarar i kommunen.
- Alle innbyggjarar skal ha tilgang til breiband via fiber, 5G eller satellitt.
Nissedal kommune har 11 attverande adresser som ikkje har enkel/billig tilgang på Fiber. Desse adressene er spelt inn til Telemark Fylkeskommune som aktuelle å bygge ut. Det blir i alle aktuelle høve løfta problemet med dekning i kommunen, spesielt i ljos av beredskap og tryggleik.
- Utvikle Nissedal som eit attraktivt og berekraftig reisemål.
Det er samarbeid på tvers av interesser, kommunar og fylkeskommunen – for å utvikle Nissedal til ein best mogleg reisemålsdestinasjon – med målsetting om å høyre og tilpasse seg ulike interesser.
- Vidareutvikle området rundt Jettegrytene.
Det er tatt privat initiativ, med stønad frå Fellespotten 2025 for utvikling av Jettegrytene som badeområde.

Tiltak

- Arbeide vidare med avklaring og tilrettelegging rundt Jettegrytene kva gjeld både ordna tilkomst, parkering, berekraftig bruk/strategi for besøk og reguleringsplan.
Det er tatt privat initiativ for å legge til rette med sanitære- og renovasjonsløyningar i området, med stønad frå Fellespotten 2025 til dette.
- Avklare framtida til tømmerrenna ved Jettegrytene.
Det er dialog med grunneigarar i området og andre interessentar, for å finne praktiske og framtidsretta løyningar. Forventa ei kommunestyresak i løpet av 2025, som beskriv moglegheitene for området og legg opp til ei avklaring om bruk i ljos av reguleringsplanen.
- Fullføre breibandsutbygging ved å følgje opp inngåtte kontraktar.
Telenor er ferdige og har levert sluttrapport for prosjektet på Felle. Totalkostnaden blei lågare enn budsjettet, som frigjer midlar kommunen i prosentdel ifh. til eigenandel tilbakebetalar til fylkeskommunen. Rekneskapen er oppdatert i samsvar med sluttresultatet.

- Jobbe for betre mobildekning i kommunen.
Som ein del av jamlege dialogen med fylkeskommunen, er dette eit tema som blir tatt opp – spesielt i beredskapssamanheng. Det er ikkje rom innanfor den offentlege potten kring fiberutbygging, til å utbetre mobilnettet – dette dilemmaet blir tatt opp jamleg.
- Trekke ut element frå Nidelva-prosjektet, og sjå korleis dette kan implementerast i Nissedal kommune og i Telemarksvegen.
Det er bestemt i årsmøtet for Telemarksvegen å implementere relevante delar frå Nidelvaprojektet. I den samanheng er også kommunar som var med i Nidelvaprojektet, invitert som medlem i Telemarksvegen.
- Følgje opp handlingsplanen for omstillingsprogrammet, som fungerande strategisk næringsplan.
Kommunedirektør og næringsssjef deltar i tillegg til interne møter, også på styremøtene for omstillingsprogrammet med talerett.
- Jobbe for heilårsdrift av Fjoneferga gjennom tett samarbeid med operatør og ruteplan for heile året. Framhalde med dialogen med fylkeskommunen, for å sjå på både kortsiktige og langsiktige løysingar for ferjedrifta.
Det er dialog med fylkeskommunen, basert på Telemark fylkeskommune sin ferjestrategi. Gitt strategi gir handlingsrom for Nissedal kommune og Fjoneferja, som begge partar ser på saman.
- Følgje opp «Masterplan for reiselivet i Vest-Telemark» ved politisk behandling av planen «Reiselivsstrategi for Vest-Telemark».
Felles reiselivsstrategi fase 3, er påbegynt. Prosjektansvarleg er Vest-Telemarkrådet, med arbeidsgrupper som supplement, bla. næringskollegiet i Vest-Telemark.
- Utarbeide ny marknadsføringsstrategi. Dette arbeidet skjer i samråd med felles reiselivsplan for Vest-Telemark, Telemarksvegen, Visit-Telemark og omstillingsprogrammet.
I tillegg til arbeid kring informasjonsmøte ang. reiseliv, har også omstillingsprogrammet engasjert seg for å utvikle nye strategiar for næringslivet.
- Kartlegge ledig bustadar, bustadtomter, næringslokal og næringsareal i kommunen. Framhalde med arbeid som stimulerer til auke i bustadar og næringsrelaterte behov.
Bygdevekstavtala er eit viktig interkommunalt prosjekt, som tar føre seg bustadmangelen i kommunen og regionen. Det blir også jobba eigne kommunale bustadprosjekt, gjennom samarbeid med Husbanken.
Når det gjeld næringslokaler- og tomter, er dette eit pågåande arbeid – både knytt til eksisterande næringsareal på Sundsmoen og nytt areal på Langmoen.
- Utreiing av kva som skal skje med kommunens eigeidom Fjonesundet. Dette skjer fyrst når/om det blir klart at fylkeskommunen tek over ferjedrifta av Fjoneferja.
Ingen statusending, med drivarar som har kontrakt ut 2026.
- Starte kartlegging og arbeidet med planen «Nissedal mot 2050 - ein berekraftig reiselivskommune - ein plan for bruk av naturen vår». Dette må ein sjå på i samanheng med eksisterande planar, rullering og eventuell uttrekking av hyttefelt.
- Vurdere frivillig betalingsordning på sykkellinja.
Ikkje påbegynt, det er behov for kunnskapsinnhenting frå andre kommunar som har prøvd tilsvarande ordningar.
- Vedtektene for lønstilskot blir justert til og å omfatte tilskot til ungdom på 15 år.
Det er organisert møter mellom dei ulike einingane, med resultat av utlysing av arbeid for ungdom mellom 14-17 år, med intensjon om legge til rette for arbeid for yngre. Ungdom mellom 14-18 år har strengare reguleringar knytt til arbeidsmiljølova, som gjer at arbeidet må tilpassast i større grad enn for dei som er fylt 18 år.

Ang. ungdom: det er også planlagt «Yrkesdag for mellom- og ungdomstrinnet» januar 2026, med målsetting om at elevane kan møte og sjå private og offentlege arbeidstilbod i kommunen.

3.7.1 Næringsbaserte kulturaktiviteter

Utviklingsdelen av kultursjefens arbeidsoppgåver vil knyte seg til planverk som Plan for idrett og friluftsliv, Kulturminneplan (planarbeid under oppstart) og til gjennomføring av tiltak i reguleringsplanar med særleg fokus på fritidsaktivitetar for fastbuande og for reiselivet.

Mål for tenestene

- Ha eit oppdatert og ajourført planverk.
- Vere ein aktør for lokalt næringsliv for auka bruk av natur- og kultur(minne)basert reiseliv (jf. kommuneplanens punkt 4.2.1, 4.2.2, 4.2.5).
- Utvikle/stimulere tiltak som gir betre folkehelse for innbyggjarane.

Tiltak

- Arbeide vidare med kommunal kulturminneplan.
Kulturminneplanen er fullført og vedteke 8. mai i kommunestyret.
- Profilere sykkelløypa mellom Tjønnefoss til Høgfoss, til dømes: marknadsføring, utsetting av benkar og skilting.
Dette er utført.
- Skilting av sentrum: p-plassar og kulturhistorie. Det er søkt fylkeskommunen om støtte til eit formidlingsprosjekt for området.
Innhald på skilta vert det jobba med i samarbeid med Nissedal historielag.
- Lokkstallen er eit viktig utgangspunkt for å utvikle sommarsletta. Difor må kommunen jobbe vidare mot realisering av klatrehall og eller andre tiltak i Lokstallen gjennom å søkje eksterne midlar og samarbeide med eksterne og lokale aktørar. Fullføre fasadeoppussing innanfor stønadsmidlar som er gitt.
Fasadeoppussinga er delvis fullført innanfor løyvde midlar frå Telemark Fylkeskommune og Riksantikvaren. Vindauga er restaurert etter antikvariske prinsipp. Det jobbast med å finne finansiering til innvendig oppussing etter krav til fysisk aktivitet.
- Arbeide vidare med realisering av universelt utforma bru for gange og sykkel, sett i ljos av planlagt ny bilbru.
Dette arbeidet har ikkje starta opp.
- Legge til rette for kulturbaserte næringer og halde fram samarbeidet med Treungenfestivalen.
Møter med Treungenfestivalen og samarbeid om årets festival er i gang.
- Fange opp og søke støtte frå eksterne finansieringskjelder for ulike aktivitetstiltak i privat eller kommunal regi. Til dømes søknadar om spelemidlar knytt til Plan for idrett og friluftsliv.
Det er søkt om spelemidlar til rehabilitering av symjehallen på ordinært anlegg og 7 nærmiljæanlegg på Tveit skule i samband med rehabilitering av skulen. Alle søknadane vil få tilskot i år, med ein samla tilskotssum på 2.439.000.
- Prosjektere sentrumsnære terrengsykkelløyper, finansiert av VTFK.
Prosjektering er ferdigstilt, og arbeidet med å planlegge om vi kan få realisert planane er i gang.
- Berekraftig reiseliv.
Vert jobba med

Økonomivurderingar – Nye behov/utfordringar:

Prosjekt med breibandsutbygging synte seg å krevje mindre finansiering av kommunen enn kva ein la til grunn då dette blei vedtatt. Desse midlane er avsett på fond og kan nå tilbakeførast til disposisjonsfond/reducere bruken av fond. Ved inntektsføring av restmidlane (kr 641.000) kan ramme for næring reduserast tilsvarande.

